


[Skriv inn tekst]



Vassregion **Møre og Romsdal**



20.10.2015

Innhald

Forord	4
Samandrag	6
1 Planbeskriving	8
1.1 Formålet med planen	8
1.2 Verknaden av planen	10
1.3 Hovudinnhald i planen	11
1.4 Forhold til konsekvensutgreiingsforskrifta	11
1.5 Handlingsprogram	11
1.6 Forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området	12
1.6.1 Nasjonale føringar	12
1.6.2 Om statlege planretningslinjer	13
1.6.3 Forhold til fornybardirektivet (2009/28/EF)	14
1.6.4 Regional planlegging	14
1.6.5 Naturvernområde	14
1.7 Vurderingar etter naturmangfaldlova kap. II	15
1.7.1 Kunnskapsgrunnlaget § 8	15
1.7.2 Føre-var-prinsippet § 9	16
1.7.3 Økosystemtilnærming og samla belastning § 10	17
1.8 Usemje om planforslaget	17
2 Regional forvaltningsplan	19
2.1 Vassregionen vår	19
2.1.1 Nordre Nordmøre	20
2.1.2 Søre Nordmøre	21
2.1.3 Romsdal	21
2.1.4 Nordre Sunnmøre	21
2.1.5 Søre Sunnmøre	21
2.2 Kva oppnår vi med planen?	22
2.3 Endringar sidan den siste forvaltningsplanen	24
2.3.1 Vurdering av måloppnåing	26
2.3.2 Utsette fristar og mindre strenge miljømål § 9–12	27
3 Korleis har vi arbeidd og prioritert?	28
3.1 Organisering av arbeidet	28
3.2 Endra føresetnader	29

3.3	Handtering av usemje	29
3.4	Medverknad	30
3.5	Trendanalyse.....	32
3.6	Oppsummering av vesentlege vassforvaltningsspørsmål	34
3.7	Prioriteringar i arbeidet.....	35
4	Korleis står det til med vatnet vårt?	42
4.1	Påverknader	42
4.1.1	Forureining:.....	43
4.1.2	Fysiske inngrep	44
4.1.3	Biologisk påverknad.....	45
4.2	Bakgrunn for fastsetjing av miljøtilstand	50
4.3	Miljøtilstand:	50
4.3.1	Grunnvatn.....	58
4.4	Risiko for ikkje å nå miljømåla	58
4.5	Klimaendringar og flaum.....	61
4.6	Klimaendringar og forureining.....	62
4.7	Klimaendringar og biologisk mangfald	62
4.7.1	Forventa utvikling i ferskvatn	62
4.7.2	Forventa utvikling i havet	63
5	Miljømål, unntak og tiltak.....	65
5.1	Strengare miljømål enn vassforskrifta	66
5.1.1	Verna område	67
5.2	Sterkt modifiserte vassførekomstar	71
5.3	Unntaksføresegner	74
5.3.1	Utsette fristar § 9	74
5.3.2	Mindre strenge miljømål § 10	76
5.3.3	Mellombelse endringar § 11	77
5.3.4	Ny aktivitet eller nye inngrep § 12	77
5.4	Tiltaksprogram.....	77
5.5	Overvaking	82
5.6	Omforente miljømål i planperioden	83
6	Referanseliste og vedlegg til planen	87
7	Appendix.....	88

Forord

Vassressursane er viktige for verdiskaping og trivsel i Møre og Romsdal. Spesielt havrommet har betydd enormt mykje for verdiskapinga i regionen, med skipsfart, verftsindustri, offshoreverksemd, havbruk og fiskeri. Velstandsutviklinga i regionen framover vil vere avhengig av korleis vi forvaltar havressursane.

Vi hentar ut kraft frå vassdraga våre, og som matfylke er vi avhengige av reint vatn til landbruket og næringsmiddelindustrien. Mange har fritidsaktivitetar knytte til friluftsliv i form av fiske, både i kystvatn og ferskvatn. Vatnet pregar det dramatiske landskapet vårt med djupe fjordar, høge fjell og ville vassdrag. Dette gir landskapet i seg sjølv ein opplevingsverdi som er viktig for rekreasjon, aktivt friluftsliv og god folkehelse. Reiselivsnæringa nyt i tillegg godt av eit landskap som tiltrekkjer seg mange turistar i året. Reint vatn av god kvalitet er derfor viktig for helse, rekreasjon og næringslivet i regionen vår.

Vassressursane er òg grunnlag for interessemotsetningar. Utbygging av vassdrag har ført til negative reaksjonar frå mange interessentar. Industrien vi har hatt langs kysten, har ført til at vi har forureining på havbotnen. Her er det behov for ressursar til opprydding. Viktige nasjonale bestandar av villaks er trua av parasitten *Gyrodactylus salaris*, og ein må ta betydelege grep for å bli kvitt han.

Vassforvaltninga etter vassforskrifta skal vere heilskapleg og samordna på tvers av sektorar. Målet er at det er naturens eigne tolegrenser som skal gi rammer for korleis vi tek vare på og utnyttar vatnet i vassregionen. Arbeidet med vassforskrifta viser store utfordringar. Kunnskapsgrunnlaget er ikkje godt nok, ressursane til arbeidet må aukast, og ressursar til større tiltak som til dømes forureina sjøbotn må på plass. Denne forvaltningsplanen er den største samanninga av kunnskap om vassressursane våre og synleggjer problem vi ønskjer å jobbe med. Vi må alle gjere ein innsats for å sikre god vasskvalitet til generasjonane som kjem.



Willy J. Loftheim
assisterande fylkesrådmann
og leiar av Vassregionutvalet

Samandrag

Forvaltningsplan for Vassregion Møre og Romsdal er utarbeidd etter *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) og plan- og bygningslova. Regional vassforvaltningsplan skal vere eit oversiktsdokument på regionalt nivå over korleis ein ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen i eit langsiktig perspektiv.

Målet med vassforvaltninga er minst «god økologisk tilstand» og «god kjemisk tilstand» i alt vatn. Miljømåla som er fastsette for vassførekomstane i forvaltningsplanen, er styrande for planlegginga og verksemda til ansvarlege myndigheiter. Formålet er å leggje til rette for tydelege prioriteringar slik at ein får teke tak i dei viktigaste utfordringane og dei største påverknadene først. Etatane skal òg ta omsyn til kostnadseffektive tiltak. Slik skal Vassregion Møre og Romsdal oppfylle vassforskrifta sine krav om god økologisk og kjemisk tilstand innan 2021.

526 vassførekomstar (29 prosent) står i fare for ikkje å nå miljømåla i Vassregion Møre og Romsdal. Arbeidet med vassforvaltninga skal vere basert på kunnskap. Kunnskapsgrunnlaget i Vassregion Møre og Romsdal er ikkje godt nok. Det er derfor ikkje vurdert tiltak i alle vassførekomstar som står i fare for ikkje å nå miljømåla innan 2021. Vassregion Møre og Romsdal prioriterer i denne planperioden vassførekomstar ein ser på som viktige, og der ein har kunnskap. Kunnskapsgrunnlaget er heller ikkje tilstrekkeleg til å kunne gjennomføre kost- nytte-vurderingar. Ei slik vurdering må utførast av gjeldande sektormyndigheit og tiltakshavar etter vedteken plan når tiltaka skal endeleg vurderast før gjennomføring.

Fire vassførekomstar har fått strengare miljømål enn kravet etter vassforskrifta. Dette gjeld Geirangerfjorden med tilhøyrande vassdrag som renn ut i fjorden. Strengare miljømål er fastsette med bakgrunn i statusen som verdsarvfjord.

196 vassførekomstar har fått statusen «sterkt modifisert vassførekomst» (SMVF) og miljømålet «godt økologisk potensial» med konkrete miljømål.

83 vassførekomstar har utsett frist med å nå miljømålet god økologisk tilstand eller godt økologisk potensial. Av desse er 56 vassførekomstar utsette grunna miljøgift / forureina sjøbotn, 11 grunna gyrobehandling, 1 grunna sjødeponi og 18 sterkt modifiserte vassførekomstar fordi revisjonsarbeidet ikkje er ferdigstilt enno og det ikkje er realistisk at aktuelle tiltak vil ha effekt innan 2021.

33 kystvassførekomstar har fått utsett frist med å oppnå god kjemisk tilstand innan 2021.

1 grunnvassførekomst har fått utsett frist med å nå god kjemisk tilstand.

Det er sett mindre strenge miljømål for totalt 22 vassførekomstar. Dette er vassførekomstar knytte til regulerte vassdrag med tørrlagd eller tilnærma tørrlagd strekning der fungerande økosystem blir vurdert som svært lite realistisk.

Hovudutfordringa i vassforvaltningsarbeidet i Vassregion Møre og Romsdal er kunnskapsgrunnlaget og manglande ressursar. Skal ambisjonane i vassforskrifta oppfyllest, må ressursbruken frå sentrale styresmakter trappast opp. Berre slik kan kartlegging gjennomførast i stor nok grad, effektive tiltak utførast og den daglege oppfølginga sikrast.

1 Planbeskriving

1.1 Formålet med planen

Vassdirektivet er eit rammedirektiv som EU gjorde gjeldande 22. desember 2000.

Vassdirektivet blei gjort til ein del av EØS-avtalen i 2007 og legg rammer for all vassressursforvaltning i EØS-området. For å følgje opp direktivet vedtok Noreg i 2007 «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (vassforskrifta), som er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Formålet med forskrifta er gitt i § 1: «Formålet med denne forskriften er å gi rammer for fastsettelse av miljømål som skal sikre en mest mulig helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene ...». Denne forskrifta gir føringar for korleis Noreg skal gjennomføre arbeidet med heilskapleg vassforvaltning. Hensikta med forvaltningsplanen er å gi ei oversikteleg framstilling av korleis ein ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen i eit langsiktig perspektiv.

Vassforvaltninga etter vassforskrifta er i startfasen og er no inne i sin andre planperiode. Den første planperioden blei kalla pilotfasen og gjaldt berre nokre få utvalde område. Dette er såleis den første planperioden der alle område og vassførekomstar er med.

Vassdirektivet og den nye vassforvaltninga har fokus på syklusen til vatnet og følgjer det frå fjell til hav. Det territoriale fokuset ligg på avrenningsområde, det vil seie nedbørsfelt og tilhøyrande kystlinje. Planen fastset miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Planen er sektorovergripande og skal bidra til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er gjennom planen forplikta til å leggje miljømåla til grunn for planlegging og verksemd. Vassressursane blir vurderte ut frå naturverdi og økonomisk ressurs.

Målet med vassforskrifta er å etablere minst god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand i alle vassførekomstar. Målet om god miljøtilstand skal vere nådd innan 2021. For å nå måla som er sette, må ein setje i verk tiltak for å avgrense dei ulike påverknadene, og det må ryddast opp der det er naudsynt.

Det er likevel slik at god økologisk tilstand er eit mål som ofte må setjast opp mot andre viktige samfunnsinteresser, til dømes kraftproduksjon, flaumsikring og industri. Det inneber at god økologisk tilstand ofte er uopnåeleg, og at ein i slike situasjonar må senke ambisjonane. For sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) er det fastsett eigne miljømål. SMVF er i vassforskrifta §3 definert som «En forekomst av overflatevann som på grunn av fysiske endringer som følge av menneskelig virksomhet i vesentlig grad har endret karakter, og som er utpekt som sterkt modifisert i medhold av § 5.» Miljømålet for SMVF er godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand.

I andre vassførekomstar kan det vere behov for strengare miljømål enn dei vassdirektivet set krav om. Dette kan til dømes vere særleg verdifulle vassmiljø eller artar eller vassførekomstar med særleg omfattande brukarinteresser.

For å nå miljømåla er det utarbeidd eit regionalt program med tiltak for å førebyggje, forbetre og/eller atterreise tilstanden der det er naudsynt. Arbeidet med det regionale tiltaksprogrammet og med den regionale vassforvaltningsplanen har vore samordna. Den regionale vassforvaltningsplanen inneheld ei oppsummering av det regionale tiltaksprogrammet.

Forvaltningsmåla kan ikkje nåast utan samordning mellom fleire forvaltningssektorar. Tiltaksplanar for dei einskilte vassførekomstane er samordna geografisk i vassområde, som igjen er samla i vassregionar. Betre samordning vil gi betre kunnskap, noko som gir grunnlag for meir presise miljømål og tiltak og betre evaluering av resultata. Det vil dessutan bli lettare å identifisere dei tiltaka som gir størst vinst ut frå ei kost-nytte-vurdering. Forvaltningsplanen vil i så måte også peike på tiltak som er ønskelege, men gjennomførlege berre på lang sikt. Nødvendige tiltak vil i mange tilfelle bli kostbare og omfattande. Ansvar for gjennomføring og finansiering vil liggje hos den som har ansvaret for dei negative påverknadane.

Vassdirektivet stiller nye krav til overvaking. Det vanlege i Noreg har vore å overvake fysiske og kjemiske parametarar i vassførekomstane fordi desse parametranne seier noko om vilkåra for levande organismar. Vassdirektivet innfører prinsippet økologisk overvaking, der objektet for overvakinga er dei levande organismane sjølve. Fysiske og kjemiske parametarar er støtteparametarar. I Norge har slik overvaking vore lite brukt, spesielt i vassmiljø. Det eksisterer derfor få data med lange tidsperspektiv. Overvaking, miljøundersøkingar og problemkartlegging er sjølve grunnlaget i kunnskapsbasert vassforvaltning. Gjennomføring av vassdirektivet krev derfor ei omfattande opptrapping av innsats og ressursar på dette området. Det er utarbeidd eit overvakingsprogram for vassregionen som kartlegg behov og planar for overvaking fram mot 2021.

Forvaltningsplanen gir eit samla og gjennomarbeidd oversyn over vassressursane, korleis dei er karakteriserte og overvakte, kva analysar, mål og prioriteringar som er gjorde, kva tiltak dette medfører, og til sist korleis medverknad og informasjon er sikra i planprosessen. Plandokumentet inneheld ikkje detaljar på desse områda, men gir referansar til alt vesentleg underlagsmateriale. Forvaltningsplanen er retningsgivande for dei avgjerdene sektorstyresmaktene tek i einskildsaker.

Denne planen gjeld for 2016–2021 og er den første av i alt tre planrundar i åra til og med 2033. Planen skal rullerast sjettekvart år. Fylkestinga er regional planmyndigheit, jf. pbl. § 3–4 fjerde ledd. Regional vassforvaltningsplan og regionalt tiltaksprogram skal vedtakast som regional plan i alle fylkeskommunar dei får følgjer for. I vassregionen er dette fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Oppland og Sør-Trøndelag.


Vedteken regional vassforvaltningsplan og regionalt tiltaksprogram blir sende over til Klima- og miljødepartementet for godkjenning. Eventuell usemje om planen skal leggjast fram for endeleg avgjerd i departementet. Den målborne regionale vassforvaltningsplanen, vedtaka i dei respektive fylkestinga og behandlinga i departementet utgjør til saman den godkjende forvaltningsplanen. Regionalt tiltaksprogram skal ikkje godkjennast av departementet.

1.2 Verknaden av planen

Miljømål for vassførekomstane er fastsette og godkjende i vassforvaltningsplanen og skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen, heiter det i vassforskrifta § 29 siste ledd.

Forvaltningsplanen gir klare regionale og statlege føringar for kommunane i vassregionen og skal bidra til å samordne og gi retningslinjer for arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Om ein kommune fråvik retningslinjene, gir det grunnlag for å fremje motsegn til den kommunale planen.

Vedtak om gjennomføring av tiltaka som inngår i tiltaksprogrammet, skal gjerast av ansvarleg sektormyndigheit etter relevant og gjeldande lovgiving. Godkjend regional plan inngår i grunnlaget for saksbehandlinga til sektormyndigheitene. I saksbehandlinga til sektormyndigheitene vil det bli gjort ytterlegare avklaringar og konkrete vurderingar av fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før endeleg avgjerd om å gjennomføre tiltak blir fatta. Her vil det bli lagt vekt på andre omsyn enn dei det er lagt vekt på i planen. Sektormyndigheitene kan derfor fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen. Dersom det i oppfølgingsarbeidet blir aktuelt å fråvike føresetnadene i den godkjende planen, skal vedkommande myndigheit sørge for at vassregionmyndigheita er informert. Årsaka til at planen er fråviken, må omtalast ved rapportering av tiltaksgjennomføring og ved neste revisjon av planen. Dersom saka vedgår miljøforverring av ein vassførekomst, kan behandling etter vassforskrifta § 12 bli gjeldande.



1.3 Hovudinnhald i planen

Planen består av tre delar:

1. Forvaltningsplan med planbeskriving og vurdering i samsvar med konsekvensutgreiingsforskrifta og naturmangfaldlova kap. II
2. Tiltaksprogram
3. Handlingsprogram

1.4 Forhold til konsekvensutgreiingsforskrifta

Etter plan- og bygningslova skal planbeskrivinga for alle regionale planar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging gi ei særskild vurdering og beskriving (konsekvensutgreiing) av kva verknader planane får for miljø og samfunn. Forvaltningsplan for Vassregion Møre og Romsdal inneheld ikkje retningslinjer eller rammer for utbygging. Konsekvensutgreiing blir derfor ikkje vurdert som aktuelt.

1.5 Handlingsprogram

Etter plan- og bygningslova § 8–1 skal alle regionale planar ha eit handlingsprogram. Handlingsprogrammet gir ei vurdering av oppfølginga som planen krev. Dei økonomiske ressursane er i mange tilfelle knytte til årlege budsjettvedtak, og handlingsprogrammet anslår ressursbehov og utpeiker ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføring av planen.

1.6 Forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området

Det meste av samfunnsplanlegginga i Noreg skjer på kommunenivå. Statlege og regionale styresmakter skal likevel òg bidra til at landet får ei god samfunnsutvikling. Departement, statlege direktorat, fylkesmenn og fylkeskommunar er instansar som kan gi føringar for planlegginga i kommunane i form av retningslinjer eller rettsleg bindande planføresegner.

Det skal vere samanheng i plansystemet. Arbeidet med forvaltningsplanen skal sjåast i samanheng med anna regional planlegging for å sikre at naudsynte koplingar er på plass, og at moglege synergjar blir utnytta. Dette gjeld ikkje berre for andre planar etter plan- og bygningslova, men òg relevante vedtak etter andre lover, til dømes vernevedtak etter naturvernlova og kulturminnelova. Det er viktig at den regionale vassforvaltningsplanen tek omsyn til andre nasjonale og regionale rammer og ikkje kjem i konflikt med desse. Målet er at det skal vere samanheng i plansystemet slik at ein gjennom ei heilskapleg regional planlegging oppnår mest mogleg synergjar.

1.6.1 Nasjonale føringar

Planen må ta omsyn til ei rekkje nasjonale føringar.

Generelle nasjonale føringar:

- nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging;
- statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen;
- nasjonale verneplaner for vassdrag – rikspolitiske retningslinjer (RPRVV);
- nasjonale laksefjorðar og -vassdrag: St.prp. nr. 32 (2006–2007) «Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorðer»;
- verna område etter naturvernlova og naturmangfaldlova (register over verna område);
- fornybardirektivet 2009/28/EF. Fornybardirektivet er ein del av EUs energi- og klimapakke frå 2008. Direktivet omfattar både elektrisitet, oppvarming, avkjøling og transport. Fornybardirektivet er implementert i Noreg gjennom EØS-avtalen;
- «Strategi for innlandsfiskeforvaltning. Oversikt over norsk innlandsfiskeforvaltning og naturforvaltningens strategier for 2010–2015»;
- Handlingsplanar:
 - nasjonal handlingsplan for opprydding av forureina sjøbotn, jf. St.meld. 14 «Sammen for et giftfritt miljø 2006–2007»;
 - handlingsplan mot *Gyrodactylus salaris*;
 - tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot framande, skadelege artar
 - handlingsplan for elvemusling;
 - nasjonal plan for våtmarksrestaurering.

Føringar som er direkte knytte til vassforvaltningsplanen:

- kongeleg resolusjon 11. juni 2010 om godkjenning av forvaltningsplan for Vassregion Møre og Romsdal 2010–2015;
- nasjonale føringar for regulerte vassdrag (brev frå KLD og OED: «Vannforvaltningsplaner i vassdrag med kraftproduksjon – nasjonale føringar») og rapport: «Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022 (49:2013)»
- vurdering av påverknad frå lus og rømd fisk på anadrome laksevassdrag: brev 23.1.2014 til VRM frå Klima- og miljødepartementet (i samråd med Nærings- og fiskeridepartementet) om korleis karakteriseringarbeidet for vassdrag med anadrom fisk skal ferdigstillast;
- handtering av forureining frå oppdrett. Omforeint brev frå Miljøverndepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet 15.7.2014 og brev 3.7.2013 frå Miljøverndepartementet i samråd med departementsgruppa for vassforskrifta;
- krav om fastsetjing av konkrete miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar. Brev frå Klima- og miljødepartementet 17. november 2014;
- karakterisering av miljøtilstand for 242 anadrome vassdrag/delbestandar – del 1. Oversendingsbrev frå Miljødirektoratet til Klima- og miljødepartementet 13.5.2015.

De nasjonale føringane er følgde opp i planprosessen.

1.6.2 Om statlege planretningslinjer

Statlege planretningslinjer (SPR) er dei nasjonale forventningane til all planlegging. Kommunen skal leggje desse til grunn i planlegginga si. Planretningslinjene er heimla i plan- og bygningslova § 6–2 om statlege retningslinjer, og blei tidlegare kalla rikspolitiske retningslinjer (RPR). Statlege planretningslinjer er tydelege på kva mål og verdiar som skal leggjast til grunn for planlegginga, og korleis ulike interesser og omsyn skal varetakast og vegast.

Statlege planretningslinjer kan vere både tematisk og geografisk avgrensa og blir fastsette av Kongen i statsråd.

Eit formål med planretningslinjene er å markere nasjonal politikk på område som det er spesielt viktig å følgje opp i planlegginga.

Planretningslinjene kan dreie seg om alle spurnader innan statleg, regional og kommunal planlegging etter lova, jamfør plan- og bygningslova § 1–1 om formåla med lova og § 3–1 om oppgåver og omsyn i planlegging etter lova.

Planretningslinjer som kan eller vil ha innverknad på planen, er:

- statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2011)
- statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane (2009)
- rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994)
- rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging (1993)

1.6.3 Forhold til fornybardirektivet (2009/28/EF)

Formålet med fornybardirektivet er å sikre eit langsiktig samarbeid i Europa for å fremje produksjon og bruk av fornybar energi. Direktivet etablerer eit felles rammeverk og set bindande nasjonale mål. Målet er at 20 prosent av den forbrukte energien i EU i 2020 skal vere fornybar. Dette er ein vesentleg auke frå 2005, då 8,5 prosent av energien i EU var fornybar. I tillegg skal alle medlemslanda og Norge ha 10 prosent fornybar energi i transportsektoren i 2020.

– Noregs mål i fornybardirektivet er 67,5 prosent fornybar energi i 2020. Det er det klart høgaste målet i Europa.

Både vassdirektivet og fornybardirektivet må derfor gjennomførast på ein slik måte at dei støttar opp om kvarandre.

1.6.4 Regional planlegging

Regional planlegging er eit samla system for offentleg planlegging i fylka og står under folkevald styring og kontroll. Planlegginga skal stimulere utvikling i regionane både for samfunn og miljø.

Fylkestinget er regional planmyndigheit og har ansvar for og leier arbeidet med den regionale planlegginga. Planane skal liggje til grunn for fylkeskommunal verksemd og er retningsgivande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylka. Andre regionale planar og delplanar er:

- fylkesplan 2013–2016
- regional planstrategi 2012–2016
- regional energi- og klimaplan
- fylkesdelplan for Dovrefjell-området
- fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde

Ei komplett liste over aktuelle planar ligg heimesida til Møre og Romsdal fylkeskommune:

<http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging>

1.6.5 Naturvernområde

Nasjonalparkar og andre naturvernområde skal sikre sårbare og trua naturtypar og ta vare på område av internasjonal, nasjonal og regional verdi. Det er regjeringa og Stortinget som legg rammene for vern av natur i Noreg. Forskriftene for det enkelte verneområdet utgjør rammene for kva dispensasjonar det er høve til å gi. Det er utarbeidd forvaltningsplan for dei forskjellige verneområda. Denne skal utdjupe og presisere dei enkelte verneforskriftene og må derfor innehalde retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging. På den måten bidreg forvaltningsplanane til å bevare og fremje naturverdiar i verneområdet og er eit praktisk hjelpemiddel som skal sikre ei heilskapleg forvaltning. Det er teke omsyn til

verneområda i arbeidet med tiltaksanalysane for vassområda. Register over naturvernområde i regionen ligg på nettsidene til Naturbase:

http://dnweb12.miljodirektoratet.no/naturbase_oppslag/naturbase_oversikt.asp?Datasett=VV&Fylkesnr=15&kommnr=0&sort=IID&listID=Vis+oversikt&Go=1

1.7 Vurderingar etter naturmangfaldlova kap. II

Naturmangfaldlova (nml.) omfattar i kapittel II «Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk». §§ 4 og 5 omfattar forvaltningsmål for naturtypar og artar i Noreg. Regional vassforvaltningsplan fastset miljømål for alle vassførekomstar i vassregionen, men gir ingen endelege arealavklaringar.

Planen legg òg opp til berekraftig bruk av vassførekomstane med god balanse mellom vern og bruk. Fylkeskommunen vurderer det derfor slik at den regionale planen ikkje er i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og artar i Noreg.

Vurderinga omfattar elles fleire prinsipp som skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynd, jf. nml. § 7. Prinsippa er fastsette i §§ 8 til 12 i lova, og vurderinga av prinsippa skal gå fram av vedtaket i saka.

Dette inneber at Møre og Romsdal fylkeskommune må vurdere korleis «Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion» samsvarer med desse prinsippa. I ei slik vurdering konkluderer fylkeskommunen med at planen er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12, dermed er naturmangfaldlova kapittel II om berekraftig bruk vareteke.

Nærmare om dei einskilde prinsippa

Fylkeskommunen vurderer det slik at naturmangfaldlova §§ 11 og 12 ikkje er relevante i denne saka, då dei skal vere varetekne på eit lågare plannivå og i enkeltsaker.

Fylkeskommunen føreset at tiltakshavaren skal bere kostnadene med enkelttiltak, jf. nml. § 11, og at ein nyttar miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar ved gjennomføring av tiltak, jf. nml. § 12.

1.7.1 Kunnskapsgrunnlaget § 8

Det følgjer av naturmangfaldlova § 8 første ledd at avgjerder som påverkar naturmangfaldet, så langt det er rimeleg skal byggje på vitskapleg kunnskap. Denne skal omfatte bestandssituasjonen til artane, utbreiinga og den økologiske tilstanden til naturtypen og effekten av påverknader. Krava til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg tilhøve til saks karakteren og risikoen for skade på naturmangfaldet.

I kunnskapsgrunnlaget for «Regional plan vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion» er det gjennomført ei omfattande kunnskapsinnhenting som er samla i Vann-Nett og er tilgjengeleg for alle saka vedkjem. Likevel manglar vi enno tilstrekkeleg kunnskap om ein stor del av vassførekomstane til å kunne fastsetje miljømål på grunnlag av konkrete data og deretter gjennomføre kunnskapsbaserte vurderingar av tiltak. Ein stor del av tiltaka i denne planperioden er derfor problemkartlegging, risikovurderingar og overvaking for å sikre kunnskapsgrunnlaget i arbeidet. Der det er fremja forslag om konkrete tiltak, er kunnskapsgrunnlaget anten vurdert som tilstrekkeleg, eller det er teke atterhald om vidare utgreiing før tiltak kan gjennomførast. Tiltaka i programmet er ikkje juridisk bindande, og endeleg vurdering før eit tiltak blir sett i verk, skal utførast av tiltakshavaren (gjeldande sektormyndigheit) etter vedteken plan.

Møre og Romsdal fylkeskommune finn kunnskapsgrunnlaget tilfredsstillande til å gjere vedtak i saka.

«Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion» omfattar ikkje endelege arealavklaringar, men fastset miljømål for vassførekomstane som skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen. Forvaltningsplanen gir klåre regionale og statlege føringar til kommunane i vassregionen og skal bidra til å samordne og gi retningslinjer for arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene.

1.7.2 Føre-var-prinsippet § 9

Føre-var-prinsippet seier at når det skal gjerast eit vedtak utan at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva verknader det kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå vesentleg skade på naturmangfaldet. Det følgjer òg av naturmangfaldlova at dersom det er risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunn for å unngå å ta ei avgjerd.

Som nemnt ovanfor finn Møre og Romsdal fylkeskommune kunnskapsgrunnlaget tilfredsstillande til å gjere vedtak i saka. Planen omfattar ikkje konkret arealbruk, men fastset miljømål som skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen. Forvaltningsplanen gir klåre regionale og statlege føringar for kommunane i vassregionen og skal bidra til å samordne og gi retningslinjer for arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene. Innhaldet i planen synest ikkje å medføre risiko for vesentleg skade på naturmangfaldet. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner derfor at planforslaget oppfyller føre-var-prinsippet.

Fylkeskommunen vil understreke at nærmare vurdering er nødvendig når det gjeld

arealplanlegging på lågare plannivå (arealdelen i kommuneplanen, reguleringsplanar, konsesjonssaker og liknande).

1.7.3 Økosystemtilnærming og samla belastning § 10

Naturmangfaldlova seier at påverknad på eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Konsekvensane av planen med omsyn til økosystemtilpassing og samla belastning er vurdert i høve til miljømåla i planen. Dette inneber at vurderinga er på eit overordna strategisk nivå. Regional forvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal fastset miljømål som legg til rette for berekraftig utnytting av vassførekomstane.

Slik fylkeskommunen ser det, sikrar planen at nye tiltak skjer innanfor ei berekraftig ramme. Dermed er omsynet til økosystemtilpassing og samla belastning på eit overordna nivå vareteke.

Fylkeskommunen vil understreke at nærmare vurdering er nødvendig når det gjeld arealplanlegging på lågare plannivå (arealdelen i kommuneplanen, reguleringsplanar, konsesjonssaker og liknande).

1.8 Usemje om planforslaget

Her refererast usemje om planforslaget i vassregionutvalet. Vassregionmyndigheita har motteke to innspel.

Fiskeridirektoratet er ikkje samd med følgjande punkt i planen:

I oppsummeringa av tiltaksprogrammet i plan- og i tiltaksprogrammet er det beskrive tre tiltak innan avrenning frå diffuse kjeder (tabell 19, side 80 i forvaltningsplanen og tabell 3, side 21 i tiltaksprogrammet). Forslag til tiltak kjem frå Fylkesmannen som ansvarleg myndigheit. Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal forstår vassforskrifta slik at tiltaksprogrammet skal byggast på gjennomførte analyser og vurderingar, og at tiltak vert utløyst av ein konkret påvist påverknad. Tiltaket må og vere knytt til ein konkret vassførekomst. Etter Fiskeridirektoratets forståelse gir ikkje forskrifta heimel til generelle tiltak, og desse må derfor utgå både frå forvaltningsplan og tiltaksprogram.

Nesset kommune er ikkje samd med følgjande punkt i planen:

Miljømål for anadrome elvestrekk i Aura/Eira-vassdraget er å oppnå ein haustbar fiskebestand som ikkje er avhengig av vedlikehaldstiltak. Miljømåla har i planen fått utsett frist til neste planperiode (2022-2027) etter anbefaling frå NVE. Miljødirektoratet vurderer at miljømåla er realistiske innan 2021. Nesset kommune støttar seg på dette og meiner det er Miljødirektoratets vurdering som må leggst til grunn i forvaltningsplanen. Nesset kommune viser vidare til at vilkårsrevisjonen starta opp i 2005, har kome langt og har vert utsett i fleire

omgangar. Vassdraget har høg regional prioritering og miljømålet skal kunne oppfyllest i planperioden 2016-2021.

2 Regional forvaltningsplan

2.1 Vassregionen vår

Ansvar for gjennomføringa av vassdirektivet i Noreg er delt på fleire departement. Klima- og miljødepartementet har samordningsansvaret på nasjonalt nivå. Det er etablert tverrsektorielle samordningsgrupper på departements- og direktoratsnivå.

Vatna, elvane og fjordane våre strekkjer seg på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Ein grunnpilar i vassforvaltninga er å sjå på vatnet som levande økosystem der alt vatn heng saman. Fornuftig vassforvaltning følgjer derfor grensene for nedbørsfelt, slik at vatnet kan sjåast i samanheng.


Ein vassførekomst er den minste eininga i vassforvaltninga. Ein vassførekomst kan vere ein bekk, ei elv, ein del av ei elv, eit vatn, ein fjord, eller delar av ein fjord.

Eit vassområde består av fleire vassførekomstar og dekkjer fleire kommunar eller delar av kommunar og delar av andre fylke. Der vassområdet kryssar grenser, er samarbeid nødvendig.

Ein vassregion består av fleire vassområde. I Noreg har vi elleve vassregionar i alt. Vassregion Møre og Romsdal følgjer i hovudsak fylkesgrensene, men dekkjer òg vesentlege areal i Sør-Trøndelag og Oppland, der mellom anna elvane Driva og Rauma har sine opphav. Også eit mindre areal i Sogn og Fjordane inngår i regionen. Vassregionen er delt inn i fem vassområde: Nordre Nordmøre, Søre Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre, sjå figur 1.

Ein vassførekomst er ei avgrensa og betydeleg mengde overflatevatn eller eit avgrensa volum grunnvatn. Effekten av ein påverknad og naturgitte forhold må vere mest mogleg einskapleg i vassførekomsten. Vassførekomstane dannar grunneininga i vassforskrifta, og miljømåla blir fastsette på grunnlag av dei.

Inndeling av vassførekomstar. Det viktigaste prinsippet når ein skal dele inn, er at vassførekomsten ikkje skal drenere til meir enn eitt vassdrag. Inndelinga skal alltid baserast på nedbørsfelt. Kva grunnlagsdata ein bruker ved hovudinndelinga av vassførekomsten, er avhengig av kva vasskategori vassførekomsten høyrer til. Til dømes blir Fjordkatalogen nytta ved inndeling av fjordar.



Figur 1. Kart over vassregionen og vassområda

Regionen er prega av fjordlandskap der mange djupe fjordar skjer langt inn i landet. Vassdraga er etter måten korte med raskt fall frå fjell til sjø. Dei største vassdraga er Driva, Rauma, Surna og Eira/Aura. Karakteristiske er òg dei mange mellomstore og små vassdraga med utløp anten i fjordbotnane, langs fjordane eller heilt ute ved kysten. Nokre få av desse er reine låglandsvassdrag ute på kystbremmen, men dei fleste har nedslagsfelt som strekkjer seg fleire hundre meter til fjells, og har tilsvarende bratt løp.

Med unntak av fjellbygdene Oppdal og Lesja er busetnad i all vesentleg forstand knytt til fjordane og lågareliggjande dalbotnar. Nær busette område kan vassdraga vere prega av forbygging og forureining frå landbruk, hushald og industri. Det same gjeld sjøareala. Gjennom og mellom busetnadene går bilveggar som i varierende grad set sitt preg på vassdragsnaturen. I høgareliggjande område kan naturen ved første augekast synast etter måten urørd, men vesentlege areal er påverka av vassdragsregulering, og alle dei største fjellsjøane er reguleringsmagasin.

2.1.1 Nordre Nordmøre

Nordre Nordmøre har store areal med beskytta kystvatn på sørsida av Smøla og i sunda i Aure og terskelfjordar i Surnadal og Halså kommunar. Dei største elvane er Surna, Ulvunda, Toåa

og Bævrå, som påverkar saliniteten i indre delar av Stangvikfjorden. Vassområdet har mange større, lågtliggande innsjøar i Aure og Tingvoll.

2.1.2 Søre Nordmøre

Søre Nordmøre er dominert av den moderat eksponerte Sunndals-/Tingvollfjorden og fjordane rundt Frei og Averøya. Indre del av fjorden er sterkt ferskvasspåverka både naturleg og etter overføringa av Aura og Toåa. Vassområdet har fleire beskytta kystvassområde i Averøy, Kristiansund og Tingvoll. Ferskvassregimet er dominert av Drivavassdraget i Sunndal og Oppdal, det største vassdraget i regionen. Nedbørfeltet er i stor grad høgareliggjande, opp til 2286 moh., med innsjøar i fjellet.

2.1.3 Romsdal

Romsdal har store areal med eksponert og moderat eksponert kystvatn i Romsdalsfjord-systemet og sunda ut mot open kyst i Sandøy, Aukra og på Hustadvika. Dei største elvane er Rauma og Eira, som påverkar saliniteten i indre delar av Langfjorden og Romsdalsfjorden. Ferskvassregimet er dominert av Raumavassdraget. Nedbørfeltet er høgareliggjande, opp til ca. 2000 moh., med innsjøar i fjellet. Eikesdalsvatnet er den største og djupaste innsjøen i vassregionen.

2.1.4 Nordre Sunnmøre

Kystvatnet på Nordre Sunnmøre er dominert av den moderat eksponerte Storfjorden med sidefjorðar og sunda ut mot open kyst i Giske og ytre Haram. Største elvane er Valldøla, Stordalselva, Strandaelva og Bygdaelva, som påverkar saliniteten i indre delar av Norddalsfjorden og Sunnylvsfjorden. Mykje av nedbørfeltet er høgareliggjande, opp til ca. 2000 moh., med innsjøar i fjellet. Det lågtliggjande Brusdalsvatnet er største innsjøen.

2.1.5 Søre Sunnmøre

Kystvatnet på Søre Sunnmøre er dominert av eksponerte og moderat eksponerte fjorðar som Hjørundfjorden, Voldsfjorden med sidefjorðar, Rovdefjorden og sunda ut mot open kyst rundt øyane Hareidlandet, Gurskøya og øyane i ytre Herøy og Sande. Indre delar av fjordane kan vere beskytta og/eller ferskvasspåverka. Fleire sund har beskytta vassstyp, som «Grøne korridor» mellom Ulstein og Herøy. Største elvar er Bondalselva, Ørstaelva, Åheimselva og Austefjordvassdraget, som påverkar saliniteten i indre delar av Austefjorden og Syltefjorden. Mykje av nedbørfeltet er høgareliggjande med innsjøar i fjellet.

Tabell 1: Oversikt over tal og type vassførekomstar i regionen

	Nordre Nordmøre	Søre Nordmøre	Romsdal	Nordre Sunnmøre	Søre Sunnmøre	Heile vass-regionen
Elvar og bekkefelt	245	191	316	157	244	1152
Innsjøar	89	66	103	78	73	409
Kystvatn	50	39	45	41	54	229
Brakkvatn	0	0	0	0	0	0
Grunnvatn	23	18	31	27	17	116
Vass-førekomstar i alt	407	314	495	303	388	1906

2.2 Kva oppnår vi med planen?

Miljømåla etter vassforskrifta skal verne alt vatn mot forverring og forbetre eller rehabilitere tilstanden med sikte på å oppfylle kravet om minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Forvaltninga av vatn skal no rette seg etter dei avtalte miljømåla som går fram av denne planen. Alle aktuelle styresmakter skal leggje desse til grunn i planlegginga si, men også elles i verksemda. Formålet er å leggje til rette for tydelege prioriteringar for vassførekomstane våre, slik at ein kan ta tak i dei viktigaste utfordringane og dei største påverknadene først.

Målet «god økologisk tilstand» er ein miljøtilstand der det er liten grad av menneskeleg påverknad, og som blir vurdert som akseptabel samanlikna med naturtilstanden. I mange tilfelle er det likevel vanskeleg å seie korleis vassdrag og kystvatn hadde vore utan menneskeleg påverknad, og ut frå eit prinsipp om at vi skal leve av dei ressursane naturen gir, er det i nokre tilfelle heller ikkje ønskeleg å komme dit. Det er likevel eit mål at alt som lever i og av vatn, skal kunne bevare livsgrunnlaget sitt, og at økosystemet skal vere i balanse.

Vi bruker og opplever vatnet vårt lokalt. Eit godt vassmiljø er med på gjere stader meir attraktive for busetjing, rekreasjon, friluftsliv, næring og turisme. Opplevingsverdien til vatnet er blitt viktigare, og fokuset er ikkje berre på vatnet som resipient. Spesielt for kommunane vil planen bidra til at avløp, landbruk og arealplanlegging må sjåast i samanheng med forvaltninga av vatnet.

- Drikkevatt: Eit godt vassmiljø vil gi eit godt grunnlag for folkehelse gjennom å sikre god drikkevasskvalitet og godt vatn til næringsmiddelproduksjon og landbruk.
- Badevatn: Gjennom tiltak mot landbruk og avløp bidreg planen til redusert forureining og betre hygiene. Det aukar kvaliteten på badevatnet.

- Fiske og fritid: Eit betre vassmiljø vil betre levevilkåra for dyr og plantar i vatnet vårt. Fleire tiltak går direkte ut på å forbetre tilhøva for bestandar av fisk gjennom utbetring av vandringshinder, tilrettelegging for gyting og generell forbetring av leveområde. Dette vil resultere i meir attraktive fiskemoglegheiter og kan føre til auka fiske og fritidsaktivitetar.
- Industri på land: Møre og Romsdal er eit industrifylke, og næringslivet er uløyselig knytt til bedrifter som påverkar vatnet vårt. All industri er underlagd eit strengt lovverk når det gjeld utslepp og forureining. Planen inneheld tiltak som går ut på å auke kunnskapen om denne påverknaden, men òg tiltak som er retta direkte mot mellom anna miljøgifter i sjøbotnen og reduksjon av utsleppa. Dette er viktig i helsesamanheng og for vassmiljøet generelt.
- Klimatilpassing og flaum: Klimaendringar er ikkje direkte omtalte i vassrammedirektivet eller vassforskrifta, men den stegvise framgangsmåten og dei sykliske planperiodane gjer at dette er eigna for handtering av påverknader som følgjer av endringar i klimaet. Ved revidering av planane sjettekvart år vil ein kunne justere behov og tilpassing etter klimaet.
- Næring: For næringslivet er reint vatn med moglegheit for fiske, bading og friluftsliv viktig for turismen. Det er viktige element i stadutvikling og rekruttering av attraktiv arbeidskraft. Andre næringar, til dømes akvakulturnæringa, er direkte avhengige av god vasskvalitet.
- Biologisk mangfald: Det generelle miljømålet er god økologisk tilstand. Ved å redusere utsleppa av næringsstoff og miljøgifter og rehabilitere vassvegar kan ein stimulere til eit balansert økosystem. Enkelte tiltak går direkte ut på å forbetre det biologiske mangfaldet. I seg sjølv vil ein med å oppnå miljømålet god økologisk tilstand styrkje ein del økologiske kvalitetselement, til dømes botndyr. Dette vil i tillegg til å auke sjølve biomangfaldet gjere kyst og vassdrag meir robuste som økosystem og sikre variasjon og heterogenitet, noko som i sin tur vil medverke til å bevare biologisk mangfald.
- Arealbruk: Arealbruken kan ha stor påverknad på vassmiljøet, både direkte gjennom inngrep og utbyggingar og indirekte gjennom overvatn og avløp. Planen sikrar fokus på ei heilskapleg vassforvaltning i arealplanlegging og arealbruk, slik at ein kan ta langsiktige og gode val der effekten på vassmiljøet tidleg er teken med i vurderinga av arealbruken.
- Avløp: Fleire tiltak i planen går på avløp og spreidd avløp. Tiltak som utbetring av avløpsnett, mindre spreidd avløp, samarbeid og planlegging er med i planen. Det vil redusere forureining og avrenning av næringssalt frå avløp og såleis auke kvaliteten på


vatnet ytterlegare. Dette er positivt for vatnet med tanke på hygienen, kvaliteten på badevatnet, opplevingsverdien og vassmiljøet generelt.

- Ei heilskapleg tilnærming: Forvaltningsplanen og arbeidet med vassforskrifta er ein ny måte å drive forvaltning på. Den heilskaplege tilnærminga hindrar sektortankegang og bidreg til at sektormyndigheiter må ta omsyn til andre aspekt i forvaltninga.
- Kunnskapsgrunnlaget: Hovudutfordringa for arbeidet med ei heilskapleg vassforvaltning er kunnskapsmangel. Mange tiltak er avhengige av kunnskapsinnhenting, og det er ei viss usikkerheit i fastsetjinga av både miljøtilstand og miljømål. Likevel er dette arbeidet den største samanfattainga av kunnskap om vassmiljøet vårt nokon gong, og såleis er arbeidet svært verdifullt. Vidare vil tiltaka og overvakingsprogramma i planen auke kunnskapen ytterlegare i planperioden. Dette er av stor verdi i forvaltninga av vassressursane våre.

2.3 Endringar sidan den siste forvaltningsplanen

Forvaltningsplan for Møre og Romsdal 2010–2015 er resultatet frå den første planfasen og blei gjennomført som eit pilotprosjekt der heile eller delar av 15 av dei 45 kommunane var med i vassregionen. I samband med utarbeiding av planprogram blei det gjort vedtak om at tre vassområde skulle inngå i den første planperioden. Det var:

- Litjaldsvassdraget
- Aura/Eira
- Søre Sunnmøre



Figur 2: Kart som viser vassområda frå den første planperioden (2010–2015)

Aura/Eira og Litjaldsvassdraget blei valde fordi det parallelt med første planperiode òg er sett i gang revisjon av kraftkonsesjonsvilkåra i desse to vassdraga («Aura-reguleringa»). Søre Sunnmøre blei valt fordi ein ville ha eit område med noko meir varierte utfordringar og med gradient frå fjell til ytre kyst. Alle vassførekomstar innanfor desse vassområda blei vurderte, og for 75 vassførekomstar var det risiko for ikkje å nå miljømåla. Av desse var 57 vurderte til å vere SMVF. For nye 50 vassførekomstar var det ein mogleg risiko for ikkje å nå miljømåla. Årsaka til at ein ikkje når god økologisk tilstand, er for dei aller fleste vassførekomstane inngrep i samband med kraftutbygging, kanalisering eller andre tekniske inngrep. Forureining blei sett på som årsak til risiko for nokre sjøområde og enkelte vassdrag grunna dårleg utskifting og store lokale forureiningskjelder.

Det blei utarbeidd tiltaksprogram med 70 enkeltvedtak eller grupper av tiltak (generelle tiltak) som må gjennomførast for at ein skal nå miljømåla innan utgangen av planperioden. Dette var både førebyggjande og avbøtande tiltak, heilt nye tiltak og pågåande tiltak.

Det er gjort endringar i både i omfang og inndeling av vassområde sidan førre planperiode. Gjeldande geografisk utbreiing og inndeling av vassområde går fram av kap. 1.1. Planen for 2015–2021 inneheld ein revisjon av pilotområda frå den første planperioden.

Endringar i delområde frå planfase 1 til 2:

- Litjvassdraget i Nesset er innlemma i Søre Nordmøre vassområde
- Aura/Eira er innlemma i Romsdal vassområde
- Søre Sunnmøre er uendra og eitt av dei fem vassområda i regionen

2.3.1 Vurdering av måloppnåing

Dei fleste tiltaka frå første planperiode er av generell karakter og har effekt i fleire vassførekomststar eller heile regionen. Desse tiltaka er ofte pågåande og er ein del av styresmaktene sitt sektoransvar. Det er altså ikkje teke utgangspunkt i ein konkret vassførekomst, og gjennomføringa av tiltaka er derfor ikkje målbar i form av bestemt miljøtilstand og gitt miljømål. Fleire av tiltaka er overførte til andre planperiode.

Tabell 2: Oversikt over status på tiltak frå første planperiode (2010–2015)

Påverknad	Tiltak	Tiltak pågår	Tiltak ikkje starta	Delvis gjennomført	Tiltak gjennomført
Avløp	Oppgradering/Optimalisering/Etablering av kommunalt anlegg		2		
	Avløp med fokus på resipient i temaplan og arealplan	2			
	Spreidd avløp: oppgradering/optimalisering/etablering av anlegg og leidningsnett	3			
	Tilsyn		1		
Forureining	Søppel/Fyllingar/Deponi	5	1	5	
	Avrenning og utslepp frå transport/infrastruktur	1			
	Forureina grunn/sjøbotn			1	
	Utslepp frå industri	3			
	Akutt forureining	1			
	Kartlegging, risikovurdering og overvaking	4		1	1
	Landbruk	2	1	2	
Annan påverknad	Annan påverknad			2	1

Biologisk påverknad	Framande artar	2		1	
	Lakselus	1			
	Administrativt	1			1
	Overvaking	3			
Fysiske inngrep	Utbetre vandringshinder				
	Fisketrapp og tersklar	2			
	Flaum og forbyggingar		1		
	Overvaking		1		
	Vassregulering	2		1	
	Andre tiltak		1	1	
	Biotoptiltak		1	2	1
Overvaking		2	2	1	
Sum		34	11	17	4

2.3.2 Utsette fristar og mindre strenge miljømål § 9–12

Det blei ikkje gjort vedtak om fastsetjing av strengare miljømål i førre periode. Tre vassførekomstar fekk derimot utsett frist med å oppnå miljømål:

1. Fjerning av *Gyrodactylus salaris* i Litjdalselva: Tiltaket er avhengig av samstundes behandling av naboelva Driva, og det er ikkje teknisk/biologisk mogleg å gjere dette før Driva er klar til behandling. Miljømål blei sett til GØT 2021.
 - Dagens vurdering: Driva-regionen er framleis ikkje rotenonbehandla, og ein ventar framleis på avklaring rundt finansiering av fiskesperre i Driva. Tiltak for å behandle denne regionen er høgt prioriterte i perioden 2015–2021. Litjdalselva er derimot òg påverka av Aura/Eira-reguleringa og vurdert som SMVF. Konsesjonen er no under revisjon, og NVE sentralt har uttalt at miljømålet GØP (godt økologisk potensial) er mogleg å nå innan 2021.
2. Biotopfremjande tiltak i vassdrag der dette ikkje var utgreidd og ferdig planlagt enno: Det var ikkje grunnlag for å gjennomføre tiltak under ein slik kunnskapsmangel. Dette var likevel inga hindring for at det kunne planleggjast og gjennomførast enkelte tiltak som ein del av det vanlege arbeidet på feltet.
 - Dagens vurdering: Kunnskapsmangelen i vassførekomstane er framleis stor, og vi har derfor ikkje hatt grunnlag for å vurdere tiltak i mange av desse. Det blir likevel fremja tiltak der ein veit eller trur at det finst påverknader som forverrar miljøtilstanden, men då ikkje etter mal om tiltaksanalyse, der ein rettar tiltaka inn etter målt noverande miljøtilstand og måla som er sette for vassførekomsten.


3. Tiltak i regulerte vassdrag der det ikkje var heimel for slike i konsesjonsvilkåra. For nokre sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) kan ein ikkje oppnå godt økologisk potensial (GØP) utan å endre konsesjonen for regulering. Dersom konsesjonen ikkje er open for revisjon i planperioden, blir tiltaket utsett. Aura-revisjonen er under sluttbehandling, men avgjerda blir ikkje klar før forvaltningsplanen skulle vere godkjend. Dette, og det at det var noko uvisse knytt til kraftforsyningssituasjonen i vassregionen, gjorde at tiltak som medfører minstevassføring og produksjonstap over 20 GWh, blei utsette til ny kraftoverføring var på plass, og seinast til neste planperiode (2016–2021). For to av reguleringskonsesjonane i Tussavassdraget vil vilkåra der først kunne takast opp til vurdering mot slutten av neste planperiode.
- Dagens vurdering: I regulerte vassdrag der konsesjonen ikkje inneheld standardvilkår, og dermed heller ikkje heimel for pålegging av miljøundersøkingar og biotoptiltak, vil det i nokre tilfelle ikkje vere mogleg å oppnå GØP. Aura/Eira-vassdraget er under revisjon, med miljømål GØP 2021. Tussavassdraget er ikkje prioritert i noverande planperiode (sjå tabell 3), jamfør dei nasjonale føringane innan vasskraft.

3 Korleis har vi arbeidd og prioritert?

3.1 Organisering av arbeidet

Etter § 26 i vassforskrifta skal vassregionmyndigheita i samarbeid med vassregionutvalet utarbeide utkast til ein regional vassforvaltningsplan. Vassregionutvalet er samansett av representantar for vassregionmyndigheita, andre fylkeskommunar, fylkesmannsembete og andre sektormyndigheiter og kommunar som saka vedgår. Vassregionmyndigheita har ansvar for å koordinere arbeidet med å gjennomføre oppgåvene i samsvar med fristar som er definerte i vassforskrifta. Vassregionutvalet er den viktigaste arenaen for regional samordning og sikrar samarbeid med aktuelle sektormyndigheiter. Gjennom den regionale referansegruppa er rettshavarar som saka vedgår, og likeins private og allmenne brukarinteresser, representerte og kan medverke. På vassområdenivå er arbeidet organisert gjennom eit vassområdeutval der aktuelle sektormyndigheiter og kommunar deltek. I tillegg kan andre lokale aktørar og interessentar delta i ei lokal referansegruppe.

Eit detaljert oversyn over representantar og møtereferat frå vassregionutvalet, referansegruppa og vassområdeutvala for vassregion Møre og Romsdal finn ein på www.vannportalen.no/Moreogromsdal



3.2 Endra føresetnader

Fastsett planprogram føresette at relevante regionale sektormyndigheiter skulle delta og gjennomføre sin del av oppgåvene på vassområdenivå i samarbeid med kommunar og prosjektleiing. Føremålet med ei slik organisering var at kommunar og sektormyndigheiter skulle drøfte vassforvaltninga på tvers av forvaltningsnivå og sektorar, og at kvar sektor skulle fremje forslag om tiltak der dei var påverkar av en vassførekomst i vassområdet. Det må kunne seiast at dette ikkje har fungert etter intensjonen, og det har vore svært få bidrag til konkrete tiltak frå fleire av sektorane. Deltakinga frå sektormyndigheitene har vore varierende og til dels fråverande. Det har vist seg at slik samstyring er utfordrande, noko som mellom anna kan forklarast med at regionale sektormyndigheiter ikkje har hatt nok tilgjengelege ressursar. Dette har truleg ført til at ikkje alle foreslåtte tiltak er så godt forankra som dei burde vere, og det kan vere aktuelle tiltak som ikkje har komme med i tiltaksprogrammet.

3.3 Handtering av usemje

Det går fram av vassforskrifta § 26 at ein skal søkje å oppnå semje om forslag til regional forvaltningsplan og regionalt tiltaksprogram i vassregionutvalet. Ved usemje kan vassregionmyndigheita eller medlemmer i vassregionutvalet krevje at dette kjem fram i planen. Sjå kap. 1.8 «Usemje om planforslaget».

3.4 Medverknad

Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta) og plan- og bygningslova (pbl.) legg føringar for medverknad i regionale vassforvaltningsplanar. Vassforskrifta § 27 seier at vassregionmyndigheita i samarbeid med vassregionutvalet skal leggje til rette for at alle interesserte får høve til å delta.

Regionale vassforvaltningsplanar skal utarbeidast som regionale planar etter plan- og bygningslova kapittel 8, som òg gir føringar for medverknad. I pbl. § 8–3 står det at regional planmyndigheit skal samarbeide med involverte offentlege styresmakter og organisasjonar. Vidare står det at statlege organ og kommunar har rett og plikt til å delta i planlegginga når planen rører ved verkeområdet deira eller deira eigne planar og vedtak. Det skal leggjast til rette for at alle interesserte får høve til å innhente informasjon og delta i planprosessen og oppdateringa av forvaltningsplanar og tiltaksprogram. Eit viktig skilje er at sektormyndigheitene har plikt og rett til å delta i arbeidet, medan offentlegheita har ein rett til å komme med sine synspunkt.

Tiltak som skal setjast i verk, må byggje på best mogleg informasjon om tilstanden til vassførekomstane og bruken av dei. Derfor er det viktig at involverte og interesserte partar får høve til dialog og deltaking.

Medverknad skal bidra til å

- utnytte kunnskap, røynsle og initiativ hos dei som blir påverka av vassforskrifta
- auke motivasjonen for å gjennomføre gode planar og tiltak
- forankre planar og tiltak
- identifisere uønskte effektar av vassforskrifta
- oppnå tillit, eigarskap og støtte i avgjerdsprosessar
- oppnå eit kvalitativt betre resultat

Private og allmenne interesser og rettshavarar har hatt moglegheit til å delta på ulike måtar ved å

- delta på annonserte møte om vassforvaltning i vassområda/vassregionen
- ta kontakt med vassregionmyndigheiter, fylkeskommunar og vassområde
- gi skriftlege innspel i samband med høyringane

Den viktigaste arenaen for medverknad har vore på vassområdenivå. Vassområdet er ansvarleg for lokal medverknad og for å gjere informasjon om arbeidet offentlig tilgjengeleg, gjerne på Internett. Informasjon om kontaktpersonar hos vassregionmyndigheita, fylkeskommunen og vassområda har vore tilgjengeleg på vassregionens heimeside på vassportalen.

I tråd med vassforskrifta § 28 er det gjennomført to offentlege høyringar før høyringa om forslag til regional forvaltningsplan for Vassregion Møre og Romsdal. Høyringane har vore kunngjorde i avisar i regionen og på vassregionens heimesider på vassportalen.

Tabell 3: Offentleg høyring i tre trinn i planarbeidet i perioden 2010–2014

Høyring	Høyringsperiode	Fråsegner i alt
Planprogram	15.12.2010–15.5.2011	22
Vesentlege vassforvaltningsspørsmål	1.7.2012–31.12.2012	39
Regional forvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion	1.7.2014–31.12.2014	56
Regional forvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion – andre gongs høyring	1.7.2015–15.9.2015	16

Alle høyringar og innkomne høyringsfråsegner har vore tilgjengelege på vassregionens heimeside på vassportalen.

Under arbeidet med forvaltningsplanen blei det i tillegg halde høyringsmøte i alle vassområda før forvaltningsplanen blei lagd ut på høyring.

Det er informert om arbeidet gjennom foredrag, seminar, deltaking i konferansar og møte og gjennom vassportalen.

Ein har likevel ikkje fått til ein så god medverknad som ønskeleg, spesielt frå allmenta og aktuelle interessegrupper. Årsaka er mellom anna manglande planressursar.

Ein har ikkje fått planlagde temagrupper operative slik ein såg for seg. Dette har ført til at ein medverknadsarena for interessegrupper og sektormyndigheiter ikkje har vore tilgjengeleg. Dette kan ha redusert deltakinga, spesielt frå næringa.

Høyringsmøte og møte i VRU og vassområde har blitt opplevde som store møte med høg grad av einvegskommunikasjon, og interessegrupper og næringar har i mindre grad følt det som ei reell moglegheit å komme med innspel der. I det vidare arbeidet i planperioden bør ein vurdere møte retta mot interessegrupper, næringar eller spesielle tema.

I enkelte vassområde har mangel på kveldsmøte gjort det vanskeleg for frivillige organisasjonar å møte. Dette har ført til mindre grad av deltaking.

Aktuelle rettshavarar og private og allmenne interesser skal vere nært knytte til vassregionutvalet gjennom ei referansegruppe. Det er viktig at referansegruppa blir ein reell

arena for informasjon og dialog, og at deltakarane får gi innspel til prosessar og planar og formidle kunnskapen sin direkte til vassregionmyndigheita.

3.5 Trendanalyse

Vassregion Møre og Romsdal kjem i tida framover til å oppleve endringar som påverkar vatnet vårt. Befolkningsvekst, urbanisering, endringar i landbruket, utbygging av avløp og fleire vassdragsreguleringar vil setje vassmiljøet vårt under større press. Å bruke vatnet vårt rett blir derfor viktigare. Tabellen nedanfor viser kva som er forventa framover av faktorane som påverkar vatnet vårt.

Tabell 4: Oversikt over trendar i vassregionen

Tema	Trendar og utvikling	Vidare arbeid
Akvakultur	Akvakultur er prioritert av Møre og Romsdal fylkeskommune. Næringa vil vekse i tida framover og kan då òg få auka påverknad.	Opprette ei eiga regional faggruppe som skal jobbe vidare med ulike påverknader som lus, røming og forureining. Dette arbeidet er ikkje starta enno.
Vasskraftreguleringar og vassuttak (industri, setjefiskanlegg, drikkevatt)	Vasskraft er ei næring i vekst og er prioritert av Møre og Romsdal fylkeskommune. Mange søknader om småkraftverk ligg inne. Det vil føre til ytterlegare press på vassmiljøet. Strengare miljøkrav ved kraftutbyggingar og andre inngrep i vassdrag vil føre til at miljøkonsekvensane blir mindre enn tidligare. Revisjon av konsesjonsvilkår for nokre kraftverk vil truleg betre miljøtilstanden.	Arbeid med SMVF (endeleg utpeiking, miljømål, kunnskapsbehov). Finne avbøtande tiltak innanfor gjeldane konsesjonar. Jobbe med å skape dynamikk mellom forvaltningsplanen for vatn og den normale saksgangen for framtidige inngrep (kraft, vassuttak). Skape ei heilskapleg vassforvaltning slik vassforskrifta krev.

	Mange setjefiskanlegg utvidar, og nye blir etablerte. Dette vil kunne påverke vassmiljøet ytterlegare.	
Flaumsikringsanlegg i elvane og tiltak for å handtere overvatn i bustadområde	Klimaendringane gjer flaumsikring stadig meir naudsynt. Det kan medføre fleire inngrep i og ved vassførekomstar. Klimaendringar, befolkningsvekst og urbanisering gjer smart arealplanlegging rundt elvar og vatn stadig viktigare på grunn av vekst og press på areal i tilknytning til vatn.	Finne moglege avbøtande tiltak ved gamle flaumsikringsanlegg. Sjå arbeidet med forvaltningsplanen for vatn i samanheng med arbeidet med klimatilpassing. Finne tiltak som både sikrar mot flaum og skaper betre vassmiljø. Framtidige inngrep (grøfting, kanalisering, skadeførebyggjande tiltak, reparerande tiltak). Jobbe med å skape dynamikk mellom forvaltningsplanen for vatn og den normale saksgangen for slike inngrep for å skape ein heilskapleg vassforvaltning slik vassforskrifta krev. Finne tiltak innan arealplanlegginga med omsyn til vassmiljøet og andre viktige interesser som flaumsikring.
Sjøbotn med miljøgifter	Pålegg frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til visse bedrifter om å sikre forureina grunn vil redusere tilførsler av miljøgifter til sjøen. Opprydding er planlagt m.a. i Aspevågen. Miljømål i forvaltningsplanen vil kunne utløyse opprydding i enkelte fjordsystem.	Finne moglege tiltak for å rydde opp. Finne gode tiltak for å unngå framtidig forureining frå småbåthamner, forureina grunn osv. Arbeide for å finne gode prosjekt, skape samarbeid om tiltak.

Avløp	Mange av dei kommunale reinseanlegga vil bli betydeleg oppgraderte dei kommande åra, og kommunale utslepp til sjø er eit avtakande problem. Spreidde avløp vil framleis vere ei utfordring.	Jobbe for å skape dynamikk mellom arbeidet med dei kommunale avløpsplanane, det kommunale arbeidet med separate avløpsanlegg og forvaltningsplanen for vatn, slik at ein sikrar omsynet til eit godt vassmiljø og sårbare resipientar. Sjå om erfaringsutveksling og samarbeid mellom kommunane er aktuelt.
Landbruk	Driftsrasjonalisering og større einingar. Store areal blir drivne av færre bønder. Utfordringar (både i rom og tid) knytter seg til spreiding av gjødsel og vedlikehald av dyrka mark (grøfing og drenering).	Stimulere til meir miljøvennleg gjødselhandtering (informasjon/retteleiing, tilskotsordningar, regelverk). Stimulere til auka kantvegetasjon og vedlikehald av jord (tilskotsordningar, informasjon/retteleiing).
Akutt forureining	Meir skipstrafikk kan auke faren for uhell og oljeutslepp.	Auka beredskap.
Anna forureining	Auka grad av urbanisering fører til fleire tette flater og auka flaumfare i vassdraga.	Ta omsyn til vassmiljø i arealplan og teknisk planlegginga av anlegg.

3.6 Oppsummering av vesentlege vassforvaltningsspørsmål

Forvaltningsplan, tiltaksanalysar og tiltaksprogram er tufta på dokumentet «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for Møre og Romsdal vassregion». Dette er eit midtvegs høyringsdokument som blei godkjent i arbeidsutvalet 20. mars 2013. Her blir dei viktigaste utfordringane for vassmiljøet i Vassregion Møre og Romsdal skildra. Dokumentet har gitt grunnlag for vidare arbeid med forvaltningsplan, tiltak og tiltaksprogram.

Ifølgje dokumentet er hovudutfordringane i Vassregion Møre og Romsdal:

- akvakultur

- avløp
- flaumsikringsanlegg og andre fysiske inngrep
- Gyrodactylus salaris, andre framande artar
- landbruk
- miljøgifter
- vasskraft/vassuttak

«Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» peiker òg på utfordringar med kunnskapsmangel ved at dei fleste vassførekomstane ikkje er kartlagde godt nok enno. Det er behov for større økonomiske ressursar til å drive kartlegging og overvaking av miljøtilstanden, og det trengst midlar til å gjennomføre undersøkingar og tiltak. Sentrale myndigheiter er ansvarlege for at tilstrekkelege ressursar blir sette inn i vassforvaltningsarbeidet.

«Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» viser til forvaltningsmessige utfordringar i vassforvaltningsarbeidet som det er viktig å forbetre:

- koordinering mellom sektormyndigheiter
- manglande deltaking/ressursar i vassområda
- politisk synleggjering
- gjennomføring av vassforskrifta i den daglege saksbehandlinga hos sektormyndigheiter og kommunar
- medverknad frå interessentar og brukarorganisasjonar

Då dokumentet blei utarbeidd, var påverknad frå lakselus og rømd oppdrettsfisk registrert i kyst- og elvevassførekomstar. Desse påverknadene er seinare løfta ut av det ordinære vassforskriftsarbeidet og står no med ukjend påverknadsgrad. Påverknad frå lakselus skal fastsetjast av Mattilsynet, påverknad frå rømd oppdrettslaks av Fiskeridirektoratet. Det er derfor uavklart i kor stor grad akvakultur er ei utfordring i Vassregion Møre og Romsdal. Dette skal ein prøve å avklare i planperioden.

3.7 Prioriteringar i arbeidet

Arbeidet med vassforvaltninga skal vere basert på kunnskap. Miljøtilstanden i vassførekomstane er vurdert på bakgrunn av konkrete målingar der slike finst. I dei fleste tilfella manglar vi konkrete målingar. Miljøtilstanden er då basert på skjønnsmessige, faglege vurderingar. Det vil seie at vi i mange tilfelle veit at vassførekomsten er påverka, men ikkje i kor stor grad. I slike tilfelle må det miljøundersøkingar til for å fastsetje noverande miljøtilstand, framtidig miljømål og eventuelle tiltak for å nå miljømålet.

Kunnskapsgrunnlaget i arbeidet er med andre ord for dårleg til å utføre ein kunnskapsbasert tiltaksanalyse for alle vassførekomstar som står i fare for ikkje å nå miljømålet innan 2021.

På bakgrunn av det manglande kunnskapsgrunnlaget og manglande ressursar i vassområda valde Vassregion Møre og Romsdal etter avklaringar i vassområdeutvalet og arbeidsutvalet for VRU ei pragmatisk tilnærming til krava for overflatevatn i vassforskrifta. Det blei vedteke

at ein skulle gjere ei prioritering av vassførekomstar som ein ser på som viktige og har kunnskap om. I fleire av dei utsette vassførekomstane er det derfor ikkje vurdert tiltak. Ei vurdering av tiltak i desse må utsetjast til neste planperiode. Desse vassførekomstane har fått utsett frist med å oppnå miljømåla og utgjer totalt 185 vassførekomstar. Desse er lista opp i tabell 2 i vedlegg 2.

Det skal gjennomførast kost-nytte-analyse av tiltaka med sikte på å komme fram til dei mest kostnadseffektive og samfunnsnyttige tiltaka. Dette krev igjen kunnskap og ressursar. Vi har ikkje kunna gjennomføre kost-nytte-vurderingar på dette stadiet i planfasen. Ei slik vurdering må utførast av gjeldande sektormyndigheit og tiltakshavar etter vedteken plan og når tiltaka skal endeleg vurderast før gjennomføring. Tiltaka i tiltaksanalysen og tiltaksprogrammet er ikkje juridisk bindande og vil i dei fleste tilfelle krevje vidare utgreiing før gjennomføring.

Vassregion Møre og Romsdal har på bakgrunn av dei ovannemnde problemstillingane prioritert på vassførekomstar og område, ikkje på tiltak. Ingen tiltak er prioriterte ned eller tekne ut, men vassområdeutvala har valt å framheve enkelte tiltak og vassførekomstar som spesielt viktige. Desse er valde fordi dei er sett på som viktige for samfunnet, anten fordi ein har eit eksisterande engasjement, eller fordi ein har gode føresetnadar for viktige og til dels store miljøtiltak. Desse er:

Tabell 5: Oversikt over tiltak/vassførekomstar som er prioriterte høgt.

Søre Sunnmøre	Nordre Sunnmøre	Romsdal	Søre Nordmøre	Nordre Nordmøre
Fosnavågen og Lyngnesvik: miljøgifttiltak og Fylkesmannens prioriteringar	Miljøgifttiltak i Borgundfjorden	Molde ved Moldefjorden: opprydding i samband med eventuell utbygging/vegprosjekt	Sunndalsfjorden: undersøkingar, opprydding (miljøgifter)	Bævra og Surna: vilkårsrevisjonar
Grøne korridor: følgje opp undersøkingar	Ellingsøyfjorden: miljøgifttiltak	Aura/Eira: vilkårsrevisjon	Indre hamn, Bolgsvaet og Dalasundet i Kristiansund: undersøkingar, opprydding	Søya: undersøkingar
Møre-vassdraget: vurdere tiltak		Rauma-regionen: rotenon-behandling (gyro)	Driva-regionen: rotenon-behandling (gyro)	Todalselva: betre vandringsforhold for fisk

Spreidd avløp: interkommunalt samarbeid	Spreidd avløp: interkommunalt samarbeid	Spreidd avløp: interkommunalt samarbeid	Spreidd avløp: interkommunalt samarbeid	Spreidd avløp: interkommunalt samarbeid
---	---	---	---	---

I «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» er det lista opp sju hovudutfordringar i Vassregion Møre og Romsdal: akvakultur, avløp, flaumsikringsanlegg og andre fysiske inngrep, *Gyrodactylus salaris* og andre framande artar, landbruk, miljøgifter og vasskraft/vassuttak. Desse hovudutfordringane er ulike i omfang, dei tilgjengelege verkemidla varierer, nærings- og samfunnsinteressene er forskjellige, og engasjementet er heller ikkje det same. Dette har resultert i varierende grad av innsats og tal på tiltak på områda.

Akvakultur: På nasjonalt nivå og i vassregionen har det vore uavklarte problemstillingar når det gjeld påverknad frå havbruk (lakselus og rømd oppdrettsfisk). Karakterisering av vassførekomstar med påverknad frå lakselus og rømd oppdrettsfisk blei utsett i påvente av ei kvalitetsnorm for villaks og berekraftindikatorane i sjømatmeldinga, jamfør Klima- og miljødepartementets brev 6. juli 2012 og 15. juli 2013. Klima- og miljødepartementet har i samråd med Nærings- og fiskeridepartementet i brev datert 23. januar 2014¹ orientert om framdrifta i saka. Karakteriseringsarbeidet når det gjeld påverknad frå lakselus og rømd fisk, tek si tid. Det er ikkje sett nokon frist for ferdigstilling, men karakteriseringa vil gradvis komme på plass etter kvart som eksisterande og ny kunnskap blir henta inn. Arbeidet (påverknadsanalyse der det er aktuelt) skal utførast av Miljødirektoratet² med full involvering av Mattilsynet og Fiskeridirektoratet. Nærings- og fiskeridepartementet vil arbeide vidare med å vurdere grad av påverknad etter berekraftindikatorane for lakselus og rømd fisk. Sjå brev frå Klima- og miljødepartementet.

Avløp: Arbeidet med avløp, spesielt spreidd avløp, er ei felles utfordring i alle vassområda. Kommunane er myndigheit på dette området, og fleire har rapportert at dei ikkje har ressursar og kapasitet til å følgje opp sektoransvaret sitt slik dei skal. Det har derfor vore prosessar i vassområda der ein har sett på moglegheiter for interkommunalt samarbeid om oppgåvene (tilsynsordning, kartlegging, undersøkingar og liknande.) Elles har ein hatt fokus på oppretting og oppgradering av hovud- og delplanar for avløp og vassmiljø, der fokus på resipient og miljømål blir meir sentralt. Det er behov for tiltak i mange kommunale og private reinseanlegg, og leidningsnettlet må fornyast i fleire kommunar.

¹ Arbeid etter vannforskriften; Gjenstående karakterisering i vassdrag med anadrom fisk og forholdet til påvirkning fra lakselus og rømt oppdrettsfisk, brev datert 23.01.2014

² Oppdrag om karakterisering av vannforekomster med anadrom fisk, brev datert 23.01.2014

Flaumsikringsanlegg og andre fysiske inngrep:

Fleire vassførekomstar i vassregionen har vore gjenstand for fysiske endringar. Utbygging, infrastruktur, landbruk og erosjons- og flaumsikring har medført inngrep i vassførekomstar der elveløpet ofte er endra og forbygd. I Fylkesmannen sitt overvåkingsprogram har ein valt ut to elvar for undersøkingar med tanke på forbyggingar for å sjå på miljøtilstand, miljømål og eventuelle aktuelle tiltak. Resultata frå dette vil kunne overførast til andre flaumforbygde vassdrag. I enkelte vassdrag er det arbeidd med biotopiltak som tersklar, steinutsett og vandringshinder.

***Gyrodactylus salaris* og andre framande artar:**

Driva- og Rauma-regionane er infiserte av *Gyrodactylus salaris* (gyro). Rauma-regionen er no under behandling, og Driva-regionen er planlagt behandla i nær framtid. Det har vore fokus på å forhindre smitte mellom elvar som eit tiltak no når elvane skal behandlast og friskmeldast. På bakgrunn av dette blei det arrangert eit møte der myndigheiter, kommunar og interesseorganisasjonar deltok.

Landbruk: Innan landbruk manglar ein framleis kunnskap og tilstrekkelege verkemiddel for å komme fram til gode tiltak. Gjennom forureiningslova og gjødselvarreforskrifta kan kommunen følgje opp gjødsel-/silolager og tidspunkt for spreiding av gjødsel. Dyrkingsforskrifta set krav om vegetasjonssone inn mot vassdrag. Likevel er avrenning frå eksisterande areal ei utfordring. Implementering av vassmiljøtiltak i tilskotsordningar som RMP og SMIL er noko ein må sjå på. Tilskot til drenering av dyrka jord vil vere positivt både for landbruk og vassmiljø. Auka informasjonsarbeid og fokus på vassmiljø i gjødselplanen og miljøplanen til gardbrukarane vil føre til mindre avrenning og inngrep i vatn i den daglege drifta. Det blei arrangert eit seminar hausten 2013 for å informere og for å kartleggje problemstillingar og tilgjengelege verkemiddel.

Miljøgifter: Miljøgifter og forureina sjøbotn er eit problem fleire stader i vassregionen. Dette er ofte kompliserte problemstillingar som krev kostbare undersøkingar og tiltak. Fleire av fjordane vår har kosthaldsråd. Miljøgifter er kjemikaliar som er giftige og lite nedbrytbare.

Interkommunalt samarbeid om Solnørvassdraget

Kommunane Ørskog, Skodje og Vestnes har i 2013 undersøkt Solnørvassdraget frå Nysætervatn på Ørskogfjellet, via Svartløken og heilt til der Solnørelva renn ut i Solnørvika.

Kommunane har i miljøprosjektet for Solnørvassdraget samarbeidd med Skodje Jeger og Fisk, som bidrog med informasjon om fiskebestanden i vassdraget. Sjøholt skule har òg vore ein samarbeidspartnar, og i 2014 skal elevane på to trinn ut og undersøkje elvemusling og ta vassprøver.

Resultata frå undersøkingane viste behov for tiltak innanfor fleire sektorar for å redusere avrenning av næringssalt, organisk stoff og sediment til vassdraget. Det blir anbefalt konkrete tiltak og planmessige grep for å redusere tilførslane til vassdraget.



Når slike kjemikaliar blir sleppte ut i naturen, kan dei via mat og drikkevatt hope seg opp i fisk, dyr og menneske. Det er eit nasjonalt mål at bruk av helse- og miljøfarlege stoff ikkje skal føre til helseskadar, skadar på økosystem eller skadar på produksjons- og fornyingsevna til naturen. Målet er å få konsentrasjonen av dei farlegaste kjemikaliene ned mot det nivået dei finst naturleg på, og til tilnærma null for menneskeskapte sambindingar. Det blei halde eit seminar på Søre Sunnmøre om miljøgifter der både myndigheiter, kommunar og industrien deltok. Foreslåtte tiltak innan miljøgifter går i hovudsak ut på problemkartlegging og risikovurdering. Det er òg sett fokus på det viktige i opprydding og miljøfokus i samband med utbyggings-, mudrings- eller samferdselsprosjekt, jamfør eksempel i Fosnavåg.

Vasskraft/Vassuttak: I vassområda har det blitt jobba med utvalde regulerte vassdrag og magasin ut frå ei prioritering som nemnt ovanfor. Fokuset i arbeidet har vore på vassføring, biotopiltak og revisjon. Endring eller innføring av vilkår er eit nødvendig verkemiddel for å kunne gjennomføre fornuftige tiltak som kan redusere skadeverknadene i fleire eksisterande reguleringar i vassregionen. I slutten av januar 2014 kom det nye nasjonale føringar for fastsetjing av miljømål og kva for tiltak som er aktuelle. Dette er for å sikre balansen mellom miljøforbetringar og omsynet til kraftproduksjon. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Miljødirektoratet har i samarbeid gjennomført ein nasjonal gjennomgang med prioritering av konsesjonar etter vassdragsreguleringslova som kan takast opp til vilkårsrevisjon innan 2022 (rapp. nr. 49/2013 frå NVE og Miljødirektoratet). I den nasjonale gjennomgangen er konsesjonane plasserte i desse kategoriane:

Opprydding av miljøgifter i Fosnavåg hamn

I arbeidet med gjennomføringa av vassforskrifta ligg det store utfordringar innan problematikken med opprydding i miljøgifter i hamner, utanfor skipsverft og annan industri.

Kystverket planla utdjuping av Fosnavåg hamn. I den samanheng blei det gjort undersøkingar av botnsedimenta i hamna som viste forureining av metall og organiske miljøgifter. Utdjupinga var planlagt til 7,3 m. I delar av hamna går forureininga djupare enn dette nivået. Sjølv om hamna blei mudra av Kystverket, vil det altså vere forureina sediment igjen i hamna.

MTK (maritim og teknisk komité) og formannskapet i kommunen gjekk inn for at det blir sett i gang eit samarbeid med Kystverket og andre aktuelle instansar med sikte på miljøopprydding i Fosnavåg.

Med bakgrunn i det ovannemnde blei det sett i gang ei utviding av sjølv mudringsprosjektet for å få fjerna alle dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, slik at hamna blir rein.

- **1.1 Høg prioritet:** vassdrag med stort potensial for å forbetre viktige miljøverdier, truleg med lite eller moderat krafttap i høve til den forventa miljøgevinsten.
- **1.2 Lågare prioritet:** vassdrag med middels potensial for å forbetre viktige miljøverdier, truleg med større krafttap (samanlikna med vassdrag i kat. 1.1.) i høve til miljøgevinsten.

- **2.1 Ikkje prioritert:** vassdrag som i mindre grad er omfatta av prioriteringskriteria (mindre viktige miljøverdiar og påverknad).
- **2.2 Ikkje prioritert:** vassdrag med viktige miljøverdiar, men som har avgrensa attståande miljøutfordringar, eller der særskilde omsyn set grenser for kva tiltak som i praksis kan utførast.

Tabell 6: Resultat frå gjennomgangen av prioriterte vassdrag i Møre og Romsdal, kategori 1.1 og 1.2. Sjå rapport 49/2013 frå NVE og Miljødirektoratet for full oversikt.

Vassdrag/Konsesjonsobjekt	Prod. kraftverk GWh/år	Nasjonal prioritering
Surnavassdraget	960	1.1
Aura/Eira	1964	1.1
Tafjordvassdraget	1259	1.1
Drivavassdraget, Festa, Vindøla	302	1.2
Raumavassdraget	680	1.2
Svorka/Bævra	117	1.2
Innfjordelva	48	1,2

Av desse er dei følgjande prioriterte:

- Aura/Eira (Aura-reguleringa), kategori 1.1.
- Surna/Folla/Vindøla, kategori 1.1
- Svorka/Bævra, kategori 1.2

Svorka/Bævra er i dette forslaget anbefalt prioritert som 1.1. Det er fordi vassdraget har viktige anadrome fiskebestandar. Det er lagt ned ein stor innsats for å betre tilstanden for fisk i vassdraget, eit arbeid som ikkje er avslutta. Det blir konkret undersøkt korleis tilstanden er, og kva tiltak som kan setjast i verk for å betre forholda for anadrom fisk (NINA rapport 1030–2014). Tilstand og utvikling for anadrome bestandar i vassdraget blir skildra som svak, og det ligg føre forslag til ei rekkje habitatforbetrande tiltak.

I rapport 49:2013 er tilstanden angitt som god for laks og redusert for sjøaure, og på bakgrunn av dette er påverknad frå regulering vurdert til moderat. Ut frå dei siste undersøkingane i vassdraget kan det sjå ut til at påverknaden frå reguleringa er undervurdert i rapport 49:2013, og at det ville vere rettare å vurdere graden av påverknad som stor eller svært stor. Ei oppvurdering av påverknad vil føre til at vassdraget hamnar i kategori 1.1 og dermed kan prioriterast for måloppnåing i 2021.

Vassdraget har dessutan utløp i ein nasjonal laksefjord, til liks med fleire andre viktige anadrome vassdrag som òg har vist svak utvikling dei siste åra. Svorka/Bævra har eit potensial som i større grad vil kunne utløysast dersom vassdraget blir prioritert for revisjon, saman med dei andre tiltaka som allereie er foreslått.

I rapport 49:2013 er Tafjordvassdraget vurdert til kategori 1.1. Vassdraget har ei kort anadrom strekning, og forbettringspotensialet for anadrom fisk er langt mindre enn for Svorka/Bævra. I rapport 49:2013 er det lagt vekt på landskaps- og friluftsverdiar som grunnlag for prioritering

av Tafjord, og etter nasjonale føringar bør slike ikkje få miljømål som føreset vasslepp. Miljømålet her blir GØP lik dagens tilstand.

Omprioriteringa følgjer av ei heilskapleg vurdering av vassdraga basert på beskriving og vurderingar som kjem fram i rapport 49:2013 og dei føregåande avsnitta her. I rapport 49:2013 er det òg vist at berekna krafttap vil vere under 5 prosent for begge, og at dette utgjer under 5 GWh/år for Svorka/Bævrå og 75–100 GWh/år for Tafjordvassdraget. Prioriteringa er venta å gi lågare krafttap enn prioriteringa i rapport 49:2013.

Mørevassdraget er prioritert, og GØP er sett som mål i 2021. Dei konkrete miljømåla for 2021 bør kunne nåast utan revisjon av vassdragskonsesjonen. Dei konkrete miljømåla for 2027 og 2033 kan setjast høgare viss det blir aktuelt med revisjon. Tussa Energi AS har i samband med tiltaksanalysen meldt frå om at det er aktuelt å gjennomføre tiltak for å hindre stranding av fisk nedstraums for Kolfossen kraftverk, m.a. installering av omløpsventil. Eit slikt tiltak vil truleg òg ha positiv effekt på den viktige paddelokaliteten i Lisjevatnet i nedre delen av vassdraget.

I dei tre kraftregulerte vassdraga som er foreslått prioriterte, Aura/Eira, Surna/Folla/Vindøla og Svorka/Bævrå, er revisjonsprosessen i gang. Det er derfor ikkje grunnlag å fremje revisjonskrav.

4 Korleis står det til med vatnet vårt?

Miljøtilstanden er fastslått gjennom innsamling av tilgjengelege overvakingsdata om økologiske, kjemiske og kvantitative forhold i vassførekomstane. Der overvakingsdata manglar, er vurderingane gjorde på bakgrunn av lokalkunnskap om påverknadene ved bruk av data frå samanliknbare vassførekomstar og miljøfaglege ekspertvurderingar og skjønn frå fylkesmennenes side.

Kommunane bidreg med mykje viktig lokal kunnskap om miljøtilstand og påverknader og med kunnskap om framtidige planar for areal- og ressursbruk. Fylkesmennene har hatt det miljøfaglege koordinerings- og kvalitetssikringsansvaret for karakteriseringa og datainnsamlinga. Karakteriseringa av grunnvatnet på nasjonalt nivå er utført av ei ekspertgruppe med deltaking frå Noregs geologiske undersøking (NGU).

Heilskapleg forvaltning inneber at ein ser på økosystemet under ett når miljøtilstanden skal fastsetjast. Ein må sjå på vasskjemi, botndyr, fisk og flora. Det skal mykje data og ressursar til for å etablere det kunnskapsgrunnlaget som er nødvendig for å fastsetje status på vatnet. Dette kunnskapsgrunnlaget byggjer på karakterisering, risikovurdering og overvaking.

4.1 Påverknader

Vi har kartlagt ei rekkje påverknader på vassførekomstane våre. I «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» er dei største påverknadene på vatnet i vassregionen oppsummerte. Dokumentet deler påverknadene inn i tre hovudtypar: forureining, fysiske endringar i hydrologi/morfologi og biologisk påverknad.

Tabell 3: Oversikt over påverknadene i vassregionen

Forureining	Fysiske inngrep	Biologisk påverknad
- Organisk stoff og næringssalt (avløp, akvakultur, landbruk) - Miljøgifter (industri, sediment, deponi, forureina grunn) - Andre stoff (vegsalt, avrenning frå veg og flater, oljeholding vatn) - Utslepp av faste stoff (avgang gruvedrift o.a., avfall)	- Kraftverk, setjefiskanlegg og drikkevatt - Morfologiske endringar (forbygging mot elvar/sjø, vandringshinder, kaianlegg, fyllingar, mudring, graving, dumping)	- Framande artar (<i>Gyrodactylus salaris</i>, andre framande artar) - Annan biologisk påverknad (fangst, lakselus, rømd oppdrettsfisk)

4.1.1 Forureining:

4.1.1.1 Avløp

Forureining frå avløp dreier seg både om diffuse kjelder i form av spreidd avløp (private enkeltanlegg) som ikkje er knytt til avløpsnett, og punktutsløpp frå reinseanlegg og/eller større fellesanlegg for avløp. I kystvassførekomstane er det både forureining frå større reinseanlegg (2000 pe og meir) og spreidd avløp. I ferskvassførekomstane er det i hovudsak spreidd avløp som er utfordringa. Mykje spreidd busetnad i heile vassregionen tilseier mange separate/private avløpsanlegg, truleg av varierende standard. Nokre stader går avløpet rett ut i vassdrag og sjø, noko som igjen kan føre til auka grad av eutrofiering og gjengroing.

4.1.1.2 Landbruk

Dei lågareliggjande områda i heile vassregionen har innslag av landbruksverksemd. Forureining frå landbruket har størst påverknad på innsjø- og elvevassførekomstane. Manglande kantvegetasjon inntil dyrka areal, dårleg drenering, avrenning frå silopressaft, utette gjødsellager, gjødsellager med for liten kapasitet og overgjødsling og spreining på ugunstige stader og tidspunkt gjer at avrenning av næringssalt som nitrogen og fosfor går ut i vassdrag og sjø. Avrenning kan bidra til auka eutrofiering og gjengroing i vassdrag.

4.1.1.3 Akvakultur

Oppdrettsnæringa har mange lokalitetar som er godkjende for ulike artar og til ulike formål (matfisk, stamfisk, setjefisk og forskning). Det er flest lokalitetar for matfisk av laks, aure og regnbogeaure, men mengda fisk i anlegga varierer med godkjend maksimal biomasse og produksjonssyklus for anlegget. Opne anlegg slepper ut store mengder næringssalt og organisk stoff. Forsking på regionale effektar tyder så langt på at resipientane er gode nok til å tole utsløppa frå dagens produksjon, men meir kunnskap må til for å kunne avgjere risikoen ved ytterlegare aktivitet.

4.1.1.4 Industri

Den største påverknaden på kystvassførekomstane i vassregionen er industri, spesielt knytt til større byar og tettstader gjennom hamne-, verfts- og industriverksemd. Dette har ført til forureining i grunn og sjøbotn og i enkelte område utfordringar med miljøgifter. Ein del vassførekomstane er truleg òg påverka av gamle deponi som lek og gir avrenning av sigevatn til grunnen, og punktutsløpp frå notvaskeri og gruveverksemd. I fleire fjordssystem er det påvist høge konsentrasjonar av ulike miljøgifter (Borgundfjorden, Ellingsøyfjorden, Sunndalsfjorden) som har medført kosthaldsråd for fisk og sjømat. Fjordområda utanfor mange verft, t.d. i Gurskebotn, Larsnes, Ulsteinvik, Liavågen og Fosnavågen, er undersøkte, og ein har funne til dels høge konsentrasjonar av miljøgifter i alle områda. Miljøgifter kjem også inn til kysten frå skipstrafikk, offshoreverksemd og med havstraumar frå andre land.

4.1.1.5 Forureina overvatn frå transport og infrastruktur

I område med tettstader eller mykje trafikk vil nokre vassførekomstar vere påverka av forureining frå transport og infrastruktur. Overvatn blir ofte ført direkte til nærmaste resipient ureinsa, og det er kjent at overvatn frå urbane område kan innehalde tungmetall og andre miljøgifter. Avrenning frå tunnelvaskevatt og vegsalting kan òg føre til forureining av vassførekomstar i nærleiken av vegar. I Nesset kommune har vegsalting påverka kvaliteten på drikkevattnet i enkelte tilfelle.

4.1.1.6 Avfall

Globalt er marin forsøpling éi av dei største miljøutfordringane. Akkumulert avfall i havet kan ha stor innverknad på økosystema. I Vassregion Møre og Romsdal er avfall i sjø eit miljøproblem som har auka dei siste ti åra. Stormen Dagmar i jula 2011 avdekte for alvor utfordringane ein står overfor her.

4.1.2 Fysiske inngrep

4.1.2.1 Vasskraftproduksjon

Vått klima og bratt lende har gjort Vassregion Møre og Romsdal attraktiv for vasskraftsutbygging. Dette gjer at vasskraftregulering er blant dei største påverkarane på vassmiljøet i regionen er. Av figur 4–1 og 4–2 ser vi at dei klart største påverkarane i elv og innsjø er påverknader knytte til vasskraftregulering. Dei vanlegaste konsekvensane er elvestrekningar med lågare vassføring enn normalt, raske vasstandsendingar som følgje av effektkøyring av kraftverka og unormal vassstemperatur i elvane som følgje av tapping frå magasina. Dette får negative konsekvensar for økosystema. Laks og sjøaure er spesielt utsette, då lågare vassføring fører til nedsett produksjon og kan skape vandringshinder. Dette går igjen ut over fiskarar og elveeigarinteressene. Redusert vassføring kan òg gi auka negativ effekt av eksisterande forureiningstilførslar på grunn av mindre fortynning. Utløpa frå kraftstasjonane kan fungere som vandringshinder for laks og sjøaure, då vasstraumen frå kraftverket er større enn vasstraumen i elva oppstraums. I kraftmagasina verkar det ofte negativt inn på fiskestammane at vasstanden varierer i tråd med tapping av vatnet. Ein finn òg utfordringar med gjengroing, t.d. i elva Surna og ein del mindre vassdrag i regionen. Småkraftverk har i mindre grad magasin, og dei negative konsekvensane er generelt mindre.

4.1.2.2 Vassuttak

I tillegg til vassuttak til vasskraft påverkar vassuttak til fiskeoppdrett, drikkevatt og industri fleire vassførekomstar. Ved uttak av vatn til drikkevatt, industri og setjefiskproduksjon blir ikkje vatnet ført tilbake til vassdraga. Redusert vassføring i utløpsbekken er derfor ofte den

største negative konsekvensen. Nokre av utløpsbekkane har derimot krav om minstevassføring. Inngrepa kan òg utgjere fiskevandringshinder.

4.1.2.3 Fysiske endringar i elveløp

Mange elvar i vassregionen er forbygde for å hindre erosjon og flaum. Dette gjeld særleg i område ved busetnader, annan infrastruktur og jordbruksareal. Nokre elvestrekningar er kanaliserte for å betre tilhøva for jordbruket. Bekkelukking, grøfting og drenering er òg vanleg i landbruksområde. Slike inngrep hindrar dei naturlege prosessane i sjølve vassstrengen, men òg i dynamikken mellom vassdraget og nærliggjande areal inklusive sidebekkane. Straumtilhøva blir òg endra. I mange tilfelle har ein òg fjerna kantvegetasjon og bygd heilt ned til elvekanten. Dette kan øydeleggje den varierte elvekanten og viktige biotopar langs vassdraget og dermed verke negativt inn på den totale elveøkologien.

4.1.2.4 Hamner, moloar, mudring, utfylling o.a.

Ulike fysiske inngrep i vassdrag og kystvatn kan påverke straumforhold, vassutskifting og endring av habitat. Dei fleste inngrepa skjer i dei grunne områda der artsmangfaldet som oftast er størst. Inngrep kan føre til endringar i økosystemet, til dømes endra artssamansetning. Nyetablert djupvasskai på Hellesylt og kaiområde i Ålesund er eksempel på inngrep som påverkar vassmiljøet.

4.1.2.5 Vandringshinder

Fysiske inngrep i samband med vasskraft, vassuttak og infrastruktur kan føre til at det oppstår vandringshinder for fisk som påverkar rekrutteringa og produksjonen av fisk. Kulvertar og rør som blir lagde gjennom veg, kan ofte vere både feil dimensjonerte og lagde på ein slik måte at det blir vanskeleg eller umogleg for fisken å vandre. Slike vandringshinder er eit problem i heile vassregionen. Tidlegare har det vore lite fokus på dette ved vegutbygging, men i seinare tid har det blitt retta meir merksemd mot denne utfordringa.

4.1.3 Biologisk påverknad

4.1.3.1 Gyrodactylus salaris

Av framande artar er *Gyrodactylus salaris* den største trusselen i Vassregion Møre og Romsdal. Parasitten rammar lakseungar i infiserte vassdrag og kan på sikt utrydde laksestammen. Problemet er størst i Søre Nordmøre og Romsdal vassområde, der fleire vassførekomstar har fått påvist denne parasitten. Arbeidet med nedkjemping av parasitten ved hjelp av fiskesperre og retenonbehandling er i gang og vil halde fram dei nærmaste åra. I ettertid vil det vere viktig å forhindre ny smitte i regionen og byggje opp igjen dei lokale laksebestandane.

4.1.3.2 Andre framande artar


Den framande arten ørekyte kan vere eit problem for lokale aurestammar. Det er spesielt i Nordre Nordmøre vassområde at ein har sett ein negativ påverknad frå ørekyte

(Kysingvassdraget i Rindal kommune). Pungreka *Mysis* spp. er òg dokumentert i vassførekomstar i Søre Nordmøre, men det er uvisst kor sterk påverknaden er.

4.1.3.3 Lakselus og rømd oppdrettsfisk


Vassregion Møre og Romsdal er eitt av dei største oppdrettsområda i landet. Undersøkingar i område med mykje lakseoppdrett viser ein auka risiko for skadar frå lakselus på vill sjøaure, sjørøye og laks. Sjøauren er spesielt hardt utsett ved at han oppheld seg i fjord- og kystområde heile sommaren då lusenivået er på det høgaste. For høgt lusenivå over lengre tid kan svekkje bestandar av anadrom laksefisk. Hybridisering mellom villaks og rømd oppdrettslaks kan føre til redusert levedyktigheit og produksjon hos villaks. Meir kunnskap må til for å avdekkje graden av påverknad frå oppdrett.

Antall elvevannforekomster fordelt på påvirkningstype




Figur 4: Fordeling av ulike påverknadstyper og påverknadsgrad fra alle dei ulike påverknadene i vassregionen i elvevassforekomstar. Tal vassforekomstar på x-aksen.

Antall innsjøvannforekomster fordelt på påvirkningstype



Figur 5: Fordeling av ulike påverknadstypar og påverknadsgrad frå alle dei ulike påverknadene i vassregionen i innsjøvassforekomstar. Tal vassforekomstar på x-aksen.

Antall kystvannforekomster fordelt på påvirkningstype



Figur 6: Fordeling av ulike påverknadstyper og påverknadsgrad fra alle dei ulike påverknadene i vassregionen i kystvassforekomstar. Tal vassforekomstar på x-aksen.

4.2 Bakgrunn for fastsetjing av miljøtilstand

Karakterisering er ei beskriving av vassførekomstane der data om naturforhold og påverknader blir samla inn og påverknader på vassførekomsten blir analyserte. På bakgrunn av dette blir miljøtilstanden i vassførekomsten bestemt. Klassifiseringssystemet gir fem konkrete klassegrenser for ei rekkje kjemiske, fysiske og biologiske parametarar i innsjøar, elvar, kystvatn og grunnvatn. Saman med overvakingsdata og faglege vurderingar dannar dette grunnlaget for å fastsetje den samla økologiske og kjemiske tilstanden til ein vassførekomst i ein av dei fem klassane frå svært god til svært dårleg.


Risikovurdering er ei vurdering av kor sannsynleg det er at ein vassførekomst når dei fastsette miljømåla innan 2021. Risikovurderinga tek utgangspunkt i ein samla analyse av påverknader og effektar på vassmiljøet som blir rekna som avgjerande for miljøtilstanden i dag, og korleis dette truleg vil påverke miljøtilstanden framover mot 2021. Dette dannar grunnlaget for det vidare arbeidet med å utarbeide forvaltningsplan og tiltaksprogram

Overvaking er ein grunnleggjande føresetnad for ei kunnskapsbasert vassforvaltning og er viktig for å kunne velje dei mest kostnadseffektive tiltaka. Overvaking kan bidra til at ein på eit tidleg tidspunkt avklarar om det er behov for tiltak, og skal vere eit hjelpemiddel for å kontrollere om miljømåla er nådde. Tilstanden blir først vurdert i karakteriseringsarbeidet ved hjelp av eksisterande data. Seinare blir tilstandsvurderinga kontrollert med overvaking. Om det då viser seg at miljømålet ikkje er nådd, dvs. at tilstanden er dårlegare enn «god», skal det setjast inn ytterlegare tiltak for å betre miljøtilstanden. I slike tilfelle blir overvaking brukt for å måle om tiltaka verkar som dei skal.

4.3 Miljøtilstand:

Vassforskrifta gir oss ein definisjon på kva godt vassmiljø er, og ut frå det kan miljøtilstanden til den aktuelle vassførekomsten fastsetjast. Dette er basert på objektive minimumskriterium med hovudvekt på økologiske og kjemiske forhold i vatnet. God økologisk og kjemisk tilstand skal sikre levedyktige bestandar av alle viktige grupper av organismar.

Det er fem klassar for økologisk miljøtilstand som vassførekomstane kan plasserast i: svært god, god, moderat, dårleg og svært dårleg. For vassførekomstar med økologisk miljøtilstand moderat, dårleg og svært dårleg skal det setjast i verk tiltak for å nå god miljøtilstand. For vassførekomstar der miljøtilstanden er god eller svært god, må behov for førebyggjande tiltak vurderast for å unngå forverring av miljøtilstanden.



Figur 7: Økologisk tilstand og miljømål

Når det gjeld kjemisk miljøtilstand, har vassforskrifta egne miljømål for prioriterte stoff. Vassdirektivet (artikkel 16 om strategiar mot forureining av vatn) påla EU-kommisjonen å foreslå ei liste med prioriterte stoff eller stoffgrupper ut frå risikoen dei representerte for det akvatiske miljøet og for menneskehelsa via det akvatiske miljøet. Målet er at utslepp av stoffa på denne lista skal reduserast eller opphøre slik at ein når konsentrasjonar i vassmiljøet som ligg nær bakgrunnsnivået for naturleg førekommande stoff og nær null for menneskeskapte stoff. Dette skal oppnåast gjennom ein kombinasjon av produkt- og prosessiltak. Bruk og utslepp av desse stoffa skal opphøre innan 2020.


Kjemisk miljøtilstand har to klassegrenser, «god» og «ikkje god». For å oppnå god kjemisk tilstand i vatn skal grenseverdier for miljøgifter ikkje overskridast i vatn, sediment eller biota. Vi manglar mykje kunnskap om kjemisk tilstand i regionen.

Både økologisk tilstand og kjemisk tilstand må vere god for at vassførekomsten skal få nemninga god miljøtilstand.

Figur 9 viser økologisk tilstand i vassregionen sett under eitt for alle typar overflatevatn. Dei fleste vassførekomstane i Vassregion Møre og Romsdal er sette til «god» eller «truleg god». Figur 8–12 viser tal på vassførekomstar med økologisk tilstand og pålitelegheitsgrad. Vi ser at det er absolutt flest vassførekomstar med låg pålitelegheitsgrad. Årsaka er mangel på kunnskap om vassførekomstane.

Økologisk tilstand, alle overflatevann


Tilstand	Antall	Prosent
Svært god	35	2
Antatt svært god	22	1,3
God	23	1,3
Antatt god	1130	66,1
Moderat	20	1,2
Antatt moderat	234	13,7
Dårlig	6	0,4
Antatt dårlig	85	5
Svært dårlig	2	0,1
Antatt svært dårlig	6	0,4
Udefinert	0	0
Uklassifisert	139	8,1




Figur 8: Miljøtilstand i Vassregion Møre og Romsdal for alle typer vassførekomstar

Fargeforklaring

- Svært god
- God
- Moderat
- Dårlig
- Svært dårlig
- Udefinert




Figur 9: Miljøtilstand i vatnet i Møre og Romsdal




Figur 10: Tal på innsjøvassforekomstar på loddrett akse med økologisk tilstand vist med fargar. Pålitelegheitsgrad er vist på x-aksen.

Elvevannforekomster - antall med økologisk tilstand og pålitelighetsgrad



Figur 11: Tal elvevassforekomstar på loddrett akse med økologisk tilstand med fargar. Pålitelegheitsgrad er vist på x-aksen.

Kystvannforekomster - antall med økologisk tilstand og pålitelighetsgrad



Figur 12: Tal kystvassforekomstar på loddrett akse med økologisk tilstand vist med fargar. Pålitelegheitsgrad er vist på x-aksen.

Tabell 4: Økologisk tilstand for overflatevatn i Nordre Nordmøre vassområde

Økologisk tilstand	Elv			Innsjø			Kyst		
	Tal	Prosent	km	Tal	Prosent	km ²	Tal	Prosent	km ²
Svært god	27	14,8	847,41	2	3,5	1,5	0	0	0
Truleg svært god	2	1,1	16,46	2	3,5	1,28	0	0	0
God	8	4,4	500,69	0	0	0	3	7,7	11,33
Truleg god	102	56	3205,32	37	64,9	24,28	16	41	282,91
Moderat	1	0,5	6,08	1	1,8	0,27	7	17,9	33,8
Truleg moderat	26	14,3	295,05	10	17,5	6,11	11	28,2	971,94
Dårleg	2	1,1	64,48	0	0	0	1	2,6	22,66
Truleg dårleg	8	4,4	80,38	2	3,5	4	0	0	0
Svært dårleg	0	0	0	0	0	0	1	2,6	2,49
Truleg svært dårleg	3	1,6	8,8	0	0	0	0	0	0
Udefinert	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Uklassifisert	3	1,6	9,05	3	5,3	1,05	0	0	0

Tabell 5: Økologisk tilstand for overflatevatn i Søre Nordmøre vassområde

Økologisk tilstand	Elv			Innsjø			Kyst		
	Tal	Prosent	km	Tal	Prosent	km ²	Tal	Prosent	km ²
Svært god	26	14,2	761,16	2	3,1	1,5	1	2,5	6,17
Truleg svært god	2	1,1	16,46	2	3,1	1,28	1	2,5	5,06
God	5	2,7	217,67	0	0	0	2	5	5,16
Truleg god	83	45,4	2712,37	34	52,3	23,64	18	45	1241,84
Moderat	3	1,6	10,97	1	1,5	0,27	7	17,5	33,9
Truleg moderat	40	21,9	694,04	18	27,7	33,1	8	20	13,15
Dårleg	5	2,7	88,79	0	0	0	2	5	23,37
Truleg dårleg	15	8,2	113,85	6	9,2	15,38	0	0	0
Svært dårleg	0	0	0	0	0	0	1	2,5	2,49
Truleg svært dårleg	2	1,1	8,41	0	0	0	0	0	0
Udefinert	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Uklassifisert	2	1,1	11,55	2	3,1	0,5	0	0	0

Tabell 6: Økologisk tilstand for overflatevatn i Romsdal vassområde

Økologisk tilstand	Elv			Innsjø			Kyst		
	Tal	Prosent	km	Tal	Prosent	km ²	Tal	Prosent	km ²
Svært god	0	0	0	0	0	0	1	1,1	0,31
Truleg svært god	7	2,5	392,96	6	5,8	4,17	6	6,7	4,17
God	0	0	0	1	1	0,31	0	0	0
Truleg god	204	73,6	4906,79	61	59,2	31,98	64	71,9	32,6
Moderat	1	0,4	3,95	1	1	1,08	0	0	0
Truleg moderat	38	13,7	201,46	16	15,5	44,36	8	9	4,72
Dårleg	0	0	0	1	1	0,6	1	1,1	0,6
Truleg dårleg	18	6,5	115,45	16	15,5	50,46	7	7,9	36,55
Svært dårleg	1	0,4	8,27	0	0	0	0	0	0
Truleg svært dårleg	0	0	0	1	1	0,83	0	0	0
Udefinert	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Uklassifisert	8	2,9	76,22	0	0	0	2	2,2	0,03

Tabell 7: Økologisk tilstand for overflatevatn i Nordre Sunnmøre vassområde

Økologisk tilstand	Elv			Innsjø			Kyst		
	Tal	Prosent	km	Tal	Prosent	km ²	Tal	Prosent	km ²
Svært god	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Truleg svært god	2	1,4	39,54	1	1,6	0,03	1	2,4	17,85
God	2	1,4	5,48	0	0	0	0	0	0
Truleg god	106	76,3	3241,07	46	74,2	35,29	24	58,5	924,54
Moderat	0	0	0	0	0	0	3	7,3	4,4
Truleg moderat	15	10,8	48,41	11	17,7	4,37	13	31,7	50,33
Dårleg	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Truleg dårleg	12	8,6	70,49	2	3,2	1,39	0	0	0
Svært dårleg	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Truleg svært dårleg	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Udefinert	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Uklassifisert	2	1,4	28,44	2	3,2	1,24	0	0	0

Tabell 8: Økologisk tilstand for overflatevatn i Søre Sunnmøre vassområde

Økologisk tilstand	Elv			Innsjø			Kyst		
	Tal	Prosent	km	Tal	Prosent	km ²	Tal	Prosent	km ²
Svært god	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Truleg svært god	0	0	0	0	0	0	1	1,9	42,2
God	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Truleg god	157	74,1	2805,87	35	62,5	17,33	37	68,5	1222,69
Moderat	0	0	0	1	1,8	0,56	0	0	0
Truleg moderat	29	13,7	50,43	10	17,9	5,18	13	24,1	120,36
Dårleg	0	0	0	1	1,8	0,36	0	0	0
Truleg dårleg	22	10,4	120,45	6	10,7	8,87	1	1,9	5,61
Svært dårleg	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Truleg svært dårleg	0	0	0	0	0	0	2	3,7	5,29
Udefinert	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Uklassifisert	4	1,9	16,93	3	5,4	0,23	0	0	0


4.3.1 Grunnvatn

Grunnvatnet er det vatnet som fyller porene og sprekkane i grunnen under oss. Overflata på grunnvatnet kallar vi grunnvasspegelen. Nydanning eller «mating» av grunnvatn skjer ved at nedbør og smeltevatn renn ned i bakken og ned til grunnvasspegelen. Til forskjell frå overflatevatn er grunnvatn ein skjult ressurs som det er utfordrande og kostnadskrevjande å kartleggje. Det er generelt lite medvit og kunnskap om grunnvatn i samfunnet, noko som medfører at grunnvatn ofte blir oversett eller nedprioritert i samfunnsplanlegginga. Dette trass i at grunnvatn kan vere ei hygienisk sikker og kostnadseffektiv vassforsyning til ei lang rekkje formål. Miljømålet for grunnvassførekomstane er god kjemisk og kvantitativ tilstand. Vi har gjennomgåande lite kunnskap om førekomstane i vassregionen, men det er relativt lita belastning på dei fleste førekomstane i regionen, som òg har rikeleg nedbør og rask vassutskifting. Det er 116 grunnvassførekomstar i regionen, og éin vassførekomst er i risiko.

4.4 Risiko for ikkje å nå miljømåla


Risikovurderinga beskriv kva vassførekomstar som i dag står i fare for ikkje å nå miljømålet god økologisk og kjemisk tilstand ved utgangen av 2021. Formålet med dette er å identifisere vassførekomstar der tiltak må setjast inn for å nå miljømåla. Sterkt modifiserte vassførekomstar hamnar automatisk i risiko. Desse vassførekomstane er i ein annan kategori der miljømålet er godt økologisk potensial (GØP). For desse vassførekomstane seier ikkje risikovurderinga noko om kor vidt miljømålet godt økologisk potensial er nådd. I Vassregion Møre og Romsdal er det totalt 1896 vassførekomstar fordelt på elvar, kystvatn, innsjø og grunnvatn. Av desse er 1128 i god eller truleg god økologisk tilstand. 526 vassførekomstar i

risiko for ikkje å nå miljømåla i 2021. 1 grunnvassførekomstar står i risiko for å ikkje oppnå god kjemisk tilstand.



Figur 13: Vassførekomstar i risiko for ikkje å oppnå god miljøtilstand; overflatevatn i Vassregion Møre og Romsdal

Risikovurdering: Møre og Romsdal



Figur 14; Risikovurdering av vassførekomst i Vassregion Møre og Romsdal

4.5 Klimaendringar og flaum

Det internasjonale klimapanelet sin femte rapport frå 2013 forsterka den vitenskaplege budskapen om at menneskeskapte klimautslepp er årsak til klimaendringane. Dagens utsleppstrend gjer at det blir svært vanskeleg å hindre ei oppvarming på meir enn 2 °C, og ein auke utover dette er truleg. Dei høgaste CO²-scenaria gir globalt mellom 5 og 8 grader varmare klima i 2100. Klimaendringar kjem, uavhengig av nye internasjonale avtalar, på grunn av utsleppa som allereie er i atmosfæren. Dette inneber systematiske endringar i temperatur og nedbør, som igjen fører til meir avrenning, flaum, skred og tørke, gjerne på stader der ein ikkje tidlegare har opplevd desse vêrfenomena i særleg grad. Samfunnet må tilpasse seg eit nytt klima.

Det er stor uvisse om framtidig utvikling i ekstremvind. Globalt reknar ein med at dei kraftige stormane vil bli hyppigare. I Noreg er det berre venta ein mindre auke i maksimal vindstyrke langs kysten og i Langfjella.

Gjennomsnittstemperatur og havnivå vil stige fram mot år 2100. Det blir hyppigare tilfelle av intens nedbør og kraftige stormar. Vassregion Møre og Romsdal kan oppleve ein auke i talet på regnflaumar langs kysten, og skred kan komme på stader som ikkje tidlegare har vore utsette. Skredfaren aukar mest langs kysten. Det kan ventast flaum på andre tider av året enn no. Flaumane vil i større grad komme som resultat av intens nedbør samanlikna med dagens tradisjonelle og kjende snøsmelteflaumar.

Vassdragsreguleringsmagasin har i mange tilfelle ein flaumdempende effekt i tillegg til at dei produserer miljøvennleg energi med høg energieffektivitet.

Som følgje av klimaendringane vil NVE trappe opp arbeidet for å førebyggje flaumsituasjonar. Det inneber at det vil bli bygd fleire flaumsikringstiltak i vassdrag.

Tabell 9: Temperatur- og nedbørsendringar i Noreg i 2050. Tala angir temperatur- og nedbørsendringar med høg, middels og låg framskriving samanlikna med perioden 1961–90 (normalperioden). Framskrivingane er henta frå rapporten «Klima i Norge 2100». Framskrivingane er baserte på klimamodellar og er derfor usikre.

	Heile året	Vinter	Vår	Sommar	Haust
Nedbør – Møre og Romsdal					
Låg	–0,5	–4,0	+0,5	–1,4	–0,8
Middels	+12,0	+11,7	+13,5	+9,3	+13,9
Høg	+23,3	+23,3	+27,8	+16,6	+25,7
Temperatur – Vestlandet					
Låg	+1,0	+1,2	+1,0	+0,7	+1,2
Middels	+1,7	+2,1	+1,7	+1,3	+1,7
Høg	+2,3	+2,9	+2,3	+1,9	+2,3

4.6 Klimaendringar og forureining

Klimaendringane kan påverke naturmiljøet indirekte gjennom effektane av forureining. Spesielt kan auka nedbør, som kan føre til meir avrenning og erosjon, resultere i at miljøgifter blir frigitt.³

Klimaendringar vil ha konsekvensar for forureining og kan forsterke forureining på land og i havet.³ Miljøgifter som er bundne i miljøet, vil bli raskare utvaska på grunn av auka nedbør. Større avrenning og erosjon er venta å auke tilførslane av forureinande næringsstoff og partiklar til både vassdraga og havet og gi auka nedslamming av vekstader for viktige artar. Auka erosjon og utvasking kan òg medverke til at meir miljøgifter lek ut, t.d. kvikksølv frå grunnen til elvar, sjøar og fjordar. Høgare frekvens av intense nedbørsperiodar kan auke faren for overløpsutslepp frå avløpssystem og redusere effekten av reinseanlegg eller setje dei ut av spel. Høgare temperatur i ferskvatn og i kyst- og havområde vil påverke transport, omsetjing og effekt av både næringssalt og miljøgifter. Klimaendringane vil truleg òg påverke konsentrasjonen og spreinga av luftureining.

Auka nedbør og høgare temperatur kan føre til ureina sigevatn frå avfallsdeponi. Dei eksisterande, regulerte deponia held høg standard og gjer det mogleg å kontrollere innhaldet i sigevatnet. Klimaendringar kan forsterke faren ved forureining frå nedlagde avfallsdeponi.⁶

4.7 Klimaendringar og biologisk mangfald

Klimaendringane utgjer ein trussel mot mange norske, stadeigne artar.⁶ Samtidig kan artsrikdommen i Noreg samla sett auke som resultat av klimaendringar fordi nye artar kjem til. Andre artar kan forsvinne eller bli fortrenge.

4.7.1 Forventa utvikling i ferskvatn

Klimaendringane kan endre vassføringsmønsteret gjennom året. Små endringar i temperaturen avgjer om nedbøren kjem som snø eller regn. Nedbørsforhold og temperatur avgjer om breane veks eller minkar. Dei siste åra har mange brear og brearmar minka og trekt seg tilbake. Dette fører igjen til endra avrenningsmønster til vassdraga våre.

Algeproduksjonen i elvar og vatn er avhengig av lys. Tidlegare isavgang vil føre til lengre vekstsesong. Varmare klima og lengre vekstsesong gir auka risiko for algeoppblomstring og auka næringstilførsel i innsjøar og elvar. I vatn som ligg nær tolegrensa i dag, kan klimaendringar vippe vatna over i ei negativ utvikling, mellom anna ved hyppigare masseoppblomstring av giftige blågrønalgar.

³ Fiskeri- og Kystdepartementet (2013): Klimastrategi for Fiskeri- og kystdepartementet

Hyppigare flaumar vil føre med seg humusstoff, partiklar og næringsstoff nedover i vassdraga og ut i fjordar eller langs kysten. Eit varmare klima vil gi endra vassstemperatur og oksygenregime.

Meir nedbør, særleg kombinert med sterk vind, kan føre til sure episodar i vassdraga med negative konsekvensar for livet i vatn.

Klimaendringar verkar både direkte og indirekte inn på bestandar og økosystem. Endra vassføring, høgare temperatur og meir næring får økologiske konsekvensar for innsjøar og elvar. Klimaendringane vil òg føre til endra geokjemiske prosessar i jordsmonnet, noko som vil endre den kjemiske samansetninga av vatnet.

Det er venta at aukande temperatur og næringstilgang kan føre til tidlegare kjønnsmodning og mindre storleik for laks og andre vekselvarme dyr (B. Jonsson, N. Jonssen og A. Finstad 2013). Ved at laksen kjønnsmodnar tidlegare, får han eit kortare livsløp.

4.7.2 Forventa utvikling i havet

Artssamansetninga i havet er langt på veg avhengig av dei fysiske og kjemiske forholda i vassmassane. Havet har absorbert rundt 25 prosent av alle menneskeskapte CO²-uslepp frå fossile brensel. Dette har gjort at pH-nivået i havet har falle med 0,1. Havet har blitt 26 % surare sidan 1750. Klimapanelet sin rapport viser at havforsuringa framleis vil auke utover i dette hundreåret i takt med aukande konsentrasjon av karbondioksid i atmosfæren. Havet blir no forsura ti gonger raskare enn nokon gong tidlegare dei siste 55 millionar åra. Det er venta ein gjennomsnittleg nedgang på 0,5 pH-einingar innan 2100.⁴ Det kan få store konsekvensar for økosystema i havet.

Dette får følgjer for organismar som dannar kalkskal, mellom anna enkelte planteplankton, dyreplankton, skjell, korallar og skaldyr som hummar, krabbe, kril og hoppekreps. Fleire av desse dyra er viktige i næringskjeda i havet. Studiar gjorde i djupvasstankar der vatnet er naturleg surna av CO², viser at 30 prosent av artane i havet, medrekna korallar, kan gå tapt rundt år 2100 om utviklinga held fram.⁵

Temperaturen i havet er venta å stige om lag 2 °C fram mot 2100. Dette er ei stor endring i havet som økosystem.

Meir nedbør vil gi auka tilførsel av ferskvatn til fjordane våre. Det gir lågare saltinnhald, sterkare lagdeling, endra straum og partikkeltransport og dårlegare sikt (mørkare vatn). Den økologiske effekten av mørkare vatn er mindre planteplankton og dårlegare beitetilhøve for fisken. Sterkare lagdeling gir endra sesongsyklus med endra mengde og samansetning av

⁴ Fiskeri- og Kystdepartementet (2013): Klimastrategi for Fiskeri- og kystdepartementet

⁵ IGBP, IOC, SCOR (2013). Ocean Acidification Summary for Policymakers – Third Symposium on the Ocean in a High-CO₂ World. International Geosphere-Biosphere Programme, Stockholm, Sweden

dyreplankton.

Endringar i artssamansetninga i havet som følgje av endra fysiske og kjemiske forhold kan på sikt ha stor innverknad på fiskerinæringa. Raudåte er viktige næringsdyr for fiskebestandane. Høgare temperatur gir skifte frå kaldvasshoppekreps (*Calanus finmarchicus*) til varmekjær hoppekreps (*Calanus helgolandicus*). Konsekvensen er mindre mat til fisk og til feil tidspunkt.

Små endringar i havtemperatur er kritisk for gyting hos fisk, og konsekvensane kan bli store for fiskerinæringa. Artar som til no har vore lite utbreidde på våre kantar, kan overta for artar som ikkje lenger er like godt tilpassa eit endra klima. Fiskeribestandar i norske farvatn kan vandre til andre lands økonomiske soner og omvendt. I Nordsjøen ventar vi mindre av nordlege artar som makrell, sild, sei, torsk og hyse og ein auke i sørlege tempererte artar som ansjos, sardin og lysing. Langs kysten vil sørlege artar som havabbor auke. Samanlikna med resultat frå 1950-talet i Hardangerfjorden ser vi at småhai, leppefisk, varmekjær fisk og krabbe aukar, medan torsk og skateartar har minka.⁶

Nye miljøkrav for fiskerinæringa og eventuelle krav om klimamerking av mat kan medføre endringar i kor og korleis vi fiskar.

Den store utfordringa på sikt er om havforsuringa truar næringstilgangen for fisken vi fiskar.

⁶ Myksvoll, Mari (2013): Presentasjon på HFKs arbeidsseminar om klimatilpassing, 16-9-2013

5 Miljømål, unntak og tiltak

Ifølgje vassforskrifta skal alle vassførekomstar ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand innan 2021. Det er dette som dannar grunnlaget for vassforvaltningsarbeidet, der forholdet mellom den faktiske miljøtilstanden i ein vassførekomst og miljømålet er utgangspunktet for tiltaksanalyse og tiltaksprogram. Miljømålet er derfor styrande for arbeidet i vassregionen. I Vassregion Møre og Romsdal har vi ca. 526 vassførekomstar med risiko for ikkje å nå miljømåla innan 2021 dersom det ikkje blir gjennomført ytterlegare tiltak. Ikkje alle dei 526 har vore gjenstand for tiltaksanalyse.

5.1 Miljømål etter vassforskrifta

Miljømåla i forskrifta er gitt etter grenseverdiar for økologisk og kjemisk tilstand, og det er forvaltningsplanen som set dei endelege miljømåla for alle vassførekomstar. For vassførekomstar der det er fare for at miljømåla ikkje blir nådde, må det gjennomførast tiltak. Forebyggjande tiltak for å unngå forverring av miljøtilstand kan òg vere aktuelt.

«Standard miljømål» er vassforskriftas minimumskrav til miljøtilstanden i ein vassførekomst. Miljømål er sette for overflatevatn (elvar, innsjøar og kystvatn), grunnvatn og prioriterte stoff. Miljømåla etter vassforskrifta er:

Overflatevatn (§ 4): minst god økologisk og god kjemisk tilstand

Grunnvatn (§ 6): minst god kjemisk og kvantitativ tilstand

Prioriterte stoff (§ 7): reduksjon og stans i utslepp av prioriterte stoff

Der det er sett andre miljømål enn standard miljømål (god miljøtilstand), er dette gjort på bakgrunn av innspel frå sektormyndigheiter eller andre interessentar. Oppdatert kunnskap om aktuelle vassførekomstar eller nye faglege vurderingar kan føre til endra miljømål for ein vassførekomst. I tilfelle der det ligg føre dokumenterte behov for å avvike frå standard miljømål, skal dette knytast til vassforskrifta §§ 9–12:

- § 9: utsette fristar for å nå god tilstand innan 2021, 2027 eller seinare
- § 10: mindre strenge miljømål
- § 11: mellombels endring av tilstanden ved naturgitte hendingar eller *force majeure*
- § 12: ny aktivitet eller nye inngrep

Vilkåra for unntak frå standard miljømål er at dei samfunnsmessige kostnadene ved gjennomføring av tiltaka overstig samfunnsnyttan av å oppnå god tilstand eller godt potensial.

I miljømåla for sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) er krava til kjemisk tilstand lik standard miljømål. Miljømålet er ikkje god økologisk tilstand, men godt økologisk potensial.

Fastsetjing av miljømål er eit omfattande arbeid, og nasjonale myndigheiter har utarbeidd ei rekkje rettleiarar som er nytta i arbeidet med å fastsetje miljømåla for dei enkelte vassførekomstane. Rettleiarane er tilgjengelege på www.vannportalen.no.



Klasse	Tilstand miljømål
Svært god	Miljømål tilfredsstilt
God	
Moderat	Tiltak nødvendige for å nå miljømål
Dårlig	
Svært dårlig	

Figur 15: Klassegrenser for økologisk miljøtilstand. Grøn pil viser behov for gjennomføring av tiltak der miljøtilstanden er «moderat» eller dårlegare. Raud pil viser at forverring må unngåast der miljøtilstanden er «god» eller «svært god».

I Vassregion Møre og Romsdal har 1529 vassførekomstar god økologisk tilstand innan 2021 som standard miljømål. 1757 vassførekomstar har god kjemisk tilstand innan 2021 som miljømål.

Tabell 13: Standard miljømål for overflatevassførekomstar i Vassregion Møre og Romsdal i planperioden 2016–2021.

	Tal vassførekomstar	Prosent
Standard miljømål: god eller svært god tilstand innan 2021	1529	85,4
Standard miljømål: god kjemisk tilstand innan 2021	1757	98,1

Tabell 14: Standard miljømål for grunnvassførekomstar

Miljømål	Tal vassførekomstar	Prosent
God kvantitativ tilstand	116	100
God kjemisk tilstand	115	99,1

5.1 Strengare miljømål enn vassforskrifta

Miljømåla i vassforskrifta er definerte som minimumskrav. Det kan vere sett strengare miljømål i sektorregelverk, til dømes drikkevassforskrifta, eller på grunnlag av viktige brukarmål, til dømes ønske om betre badevasskvalitet.

Det blir søkt om strengare miljømål i regionen Geirangerfjorden og elvar som renn ut i denne. Verdsarvfjorden er eit spesielt viktig område for internasjonal turisme og for rekreasjon og friluftsliv lokalt. Det er òg sett i gang eit større miljøprosjekt i området som heiter Grøn Fjord.

På bakgrunn av dette har fire vassførekomstar i Geirangerfjorden fått miljømålet «særs god miljøtilstand».

Tabell 105: Vassførekomstar med strengare miljømål enn vassforskrifta

Vassførekomst-ID	Vassførekomst	Kommune	Økologisk tilstand	Bakgrunn strengare miljømål
0301020900-C	Geirangerfjorden	Stranda	God	Geirangerfjorden er ein verdsarvfjord.
098-25-R	-	Norddal, Stranda	God	Geirangerfjorden er ein verdsarvfjord.
098-26-R	Geirangerfjord sør bekkefelt	Stranda	God	Geirangerfjorden er ein verdsarvfjord.
098-22-R	Grandeelva	Stranda	God	Geirangerfjorden er ein verdsarvfjord.

5.1.1 Verna område

Miljødirektoratet skal opprette eit sentralt register over beskytta område i Vann-Nett, jamfør vassforskrifta § 16 og vedlegg IV. Registeret vil innehalde fem kategoriar verna område som kan få strengare miljømål:

1. Drikkevatn:

Drikkevatn er omtalt spesielt i vassforskrifta. Alle vassførekomstar som blir nytta til uttak av drikkevatn, skal, når uttaket er meir enn 10 m³ vatn eller forsyner meir enn 50 personar, takast med i registreret over beskytta område, jf. vassforskrifta § 17 og vedlegg IV om beskytta område. Dette fell saman med godkjenningskrav i drikkevassforskrifta til vassforsyningssystem som forsyner minst 20 husstandar, medrekna hytter, eller minst 50 personar. I tillegg til desse er mindre vassforsyningssystem som forsyner helseinstitusjonar eller skular og barnehagar, godkjenningspliktige etter drikkevassforskrifta. Eigaren av vassverka er ansvarleg for å sikre at vassforsyningssystemet leverer drikkevatn i samsvar med drikkevassforskrifta.

Drikkevassforskrifta inneheld sentrale føresegnar om m.a.

- ansvaret og opplysningsplikta til vasskrafteigaren
- krav om godkjenning
- krav til leveringssikkerheit

- krav til beredskapsplan
- krav til vasskvalitet
- krav om to hygieniske barrierar
- godkjennings- og tilsynsmyndigheiter

Drikkevassforskrifta har ulike kategoriar vassforsyningssystem. Utanom godkjenningspliktige har ein også ein kategori kalla «meldepliktige». Det er vassforsyningssystem som ikkje er godkjenningspliktige, men som forsyner ei næringsmiddelverksemd. I tillegg er det vassforsyningssystem som verken er godkjennings- eller meldepliktige, dei såkalla «ikkje meldepliktige», mellom anna vassforsyningssystem som leverer vatn til færre enn 20 husstandar/hytter eller færre enn 20 personer. Registeret til Mattilsynet er per i dag ikkje fullstendig à jour med kva som reelt finst.

Det er Mattilsynet som har sektoransvaret for drikkevatt og har oversikt over godkjende drikkevassførekomst. Vassførekomst med drikkevasskjelder skal oppfylle krava til drikkevatt i anna regelverk, slik at omfanget av reinsing ved produksjon av drikkevatt blir redusert. Til forskjell frå drikkevassforskrifta tek vassforskrifta også omsyn til økologi og kjemi i nedslagsfeltet til drikkevattet og kjemisk og kvantitativ kvalitet på grunnvatnet, ikkje berre vasskjelda og kvaliteten på vatnet.

Ei oversikt over drikkevasskjelder går i dag m.a. fram av Vann-Nett og ein database over beskytta område opprette av Miljødirektoratet. Databasane er ikkje knytte til vassførekomst. Derfor er det i dag ikkje mogleg å ta ut lister over vassførekomst med drikkevatt. For å kunne verne om drikkevasskjeldene er det viktig å ha oversikt over sikringssoner og nedslagsfelt med eventuelle restriksjonar og tiltak for å verne om vassførekomstane. Det er ikkje utarbeidd noka slik oversikt på regionalt nivå.

2. Økonomisk betydelege akvatiske artar:

Ørstavassdraget, Raumavassdraget, Drivavassdraget og Surnavassdraget er utpeikte som nasjonale laksevassdrag og -fjorðar.

Tabell 16: Vassførekomst i nasjonale laksefjorðar og -vassdrag

Vassførekomst-ID	Vassførekomstnamn	Kommune	Risiko	Miljømål
095-70-R	Follestaddalselva nedre del	Ørsta	Risiko	GØT
095-56-R	Follestaddalselva øvre del	Ørsta	Risiko	GØT
095-53-R	Rossåna v/Ørsta	Ørsta	Risiko	GØT
095-85-R	Ørstaelva, nedre del	Ørsta	Risiko	GØT
095-83-R	Åmdalselva	Ørsta	Risiko	GØT
0301011000-1-C	Ørsta fjorden	Ørsta	Ingen risiko	GØT
0301011000-2-C	Ørsta fjorden indre	Ørsta	Ingen risiko	GØT

0303020100-1-C	Halsafjorden Trongfjorden	Tingvoll, Sunndal, Surnadal, Halsa	Ingen risiko	GØT
0303020601-C	Hamnesfjorden indre	Surnadal	Ingen risiko	GØT
0303020602-C	Hamnesfjorden ytre	Surnadal	Ingen risiko	GØT
0303020400-C	Stangvikfjorden	Sunndal, Surnadal	Ingen risiko	GØT
0303020500-1-C	Surnadalsfjorden	Surnadal	Ingen risiko	GØT
0303020500-2-C	Surnadalsfjorden Surnadalsøra	Surnadal	Ingen risiko	GØT
0303020300-C	Todalsfjorden	Sunndal, Surnadal	Ingen risiko	GØT
0303020200-1-C	Ålvundfjorden	Tingvoll, Sunndal	Ingen risiko	GØT
112-30-R	Surna nedre del	Surnadal	Risiko	GØP
112-104-R	Surna øvre del	Surnadal, Rindal	Risiko	GØT
112-162-R	Surna midtre del	Surnadal, Rindal	Risiko	GØP
0302011500-C	Innfjorden	Rauma	Ingen risiko	GØT
0302011600-2-C	Isfjorden	Rauma	Ingen risiko	GØT
0302011600-1-C	Isfjorden ved Åndalsnes	Rauma	Risiko	GØT
0302011400-1-C	Romsdalsfjorden Torvikeidet	Rauma	Ingen risiko	GØT
103-96-R	Rauma, Flatmark til Mongeelva	Rauma	Risiko	GØT
103-101-R	Rauma, Mongeelva til Grytten kraftverk	Rauma	Risiko	GØT
103-85-R	Rauma, Slettafossen til Verma kraftstasjon	Rauma	Risiko	GØT
103-95-R	Rauma, Verma kraftstasjon til Flatmark	Rauma	Risiko	GØT
103-41-R	Rauma nedre del	Rauma	Risiko	GØT
109-281-R	Driva Mågålaupet – Nisja	Sunndal, Oppdal	Risiko	GØT 2027
109-54-R	Driva nedre del	Sunndal	Risiko	GØT 2027

109-280-R	Driva regulert del frå utløp Driva kraftstasjon til utløp Vekveselva	Sunndal, Oppdal	Risiko	GØT 2027
0303010902-7-C	Sunndalsfjorden	Neset, Tingvoll, Sunndal	Risiko	GØT 2027
0303010901-C	Sunndalsfjorden ved Sunndalsøra	Sunndal	Risiko	GØT 2027

3. Rekreasjonsområde (badevatn)

I denne kategorien skal dei viktigaste badeplassane som kommunane overvaker med omsyn til hygienisk kvalitet, inngå. I dag vurderer kommunane badevasskvaliteten på grunnlag av [Vannkvalitetsnormer for friluftsbad, i vedlegg til Rundskriv IK-21/94](#) frå Helsetilsynet. Ein har inga oversikt over rekreasjonsområda i denne omgangen.


4. Område som er sårbare overfor næringsstoff:

I denne kategorien skal område som allereie er utpeikte som sårbare etter gjødselvareforskrifta § 24 og forureiningsforskrifta kapittel 11, inngå. Desse vassførekomstane skal i tillegg til miljømåla i vassforskrifta § 4–6 oppfylle krava i høvesvis gjødselvareforskrifta § 24 og forureiningsforskrifta kapittel 11.

5. Område som er utpeikte til vern av habitat og artar:

I denne kategorien skal område som er utpeikte til vern av habitat som består av eller er i vatn, eller av artar som lever i vatn, og der vedlikehald eller forbetring av tilstanden på vatnet er ein viktig grunn til vern, inngå. Denne kategorien verna område vil i første rekkje omfatte område med formelt vern etter naturvernlova og naturmangfaldlova kapittel V. Eventuelle særskilde miljømål for vassførekomstar i verna område må utleiast på grunnlag av verneforskriftene, verneformål, verneføresegner og eventuelle forvaltningsplanar. Det er foreslått strengare miljømål for vassførekomstar i slike område i Vassregion Møre og Romsdal. Område utpeikte til vern av habitat og artar er oppførte i vedlegg 5.

Beskyttet område



Figur 16: Kart over verna område i Vassregion Møre og Romsdal

5.2 Sterkt modifiserte vassførekomstar

Vassforskrifta har ein eigen kategori for sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF). Bakgrunnen for kategorien SMVF er at ein del vassførekomstar blir brukte til samfunnsnyttige formål som kraftproduksjon, drikkevatt, landbruk, skipsfart, flaumvern og liknande. Slik bruk av ein vassførekomst medfører ofte større eller mindre fysiske inngrep. Vi hadde 304 vassførekomstar definerte som kandidatar til SMVF, og desse er hovudsakleg påverka av vasskraft. Formålet med vassforskrifta er mellom anna berekraftig bruk av vassressursane våre. Sterkt modifiserte vassførekomstar har sterke samfunnsinteresser knytte til seg. Dei forsyner regionen med straum, noko som er viktig i ein region som til tider har hatt ein pressa energisituasjon. Vassdraga bidreg i seg sjølve til ei betrakteleg verdiskaping. Vassførekomstane er òg ein viktig del av klimaløysinga, der dei bidreg med miljøvennleg fornybar energi. Regional energi- og klimaplan i Møre og Romsdal peiker på eit ønske og eit behov for meir rein energi, som vasskraft er, med ei målsetjing om å redusere klimagassutsleppa, samtidig som «summen av ny fornybar energi, energieffektivisering og energiomlegging skal svare til 2 TWh elektrisitet.» Gitt dei sterke samfunnsinteressene som knyter seg til slike vassdrag, er det ikkje ønskeleg å ha god økologisk tilstand som miljømål, då dette ville gå vesentleg ut over viktige samfunnsinteresser.

Sterkt modifiserte vassførekomstar har eigne miljømål, godt økologisk potensial (GØP), tilpassa den samfunnsnyttige bruken av vassførekomsten. Målet for SMVF er å oppnå GØP innan 2021. Sterkt modifiserte vassførekomstar blir vurderte eller reviderte i kvar planperiode.

Miljømålet godt økologisk potensial skil seg frå miljømålet for naturlege vassførekomstar ved at både samfunnsnytte og miljøeffekt inngår i vurderinga av miljømålet. Miljømålet kan vere ulikt for samanliknbare vassførekomstar i forskjellige land og regionar som følgje av ulike nasjonale og regionale prioriteringar. GØP i to vassdrag kan derfor vere forskjellig. Ei eventuell endring av miljømålet skjer i samband med revidering av forvaltningsplanen.

For å fastsetje miljømålet for sterkt modifiserte vassførekomstar bruker vi i Noreg tiltaksmetoden. Tiltaksmetoden inneber å fastsetje miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar på grunnlag av ei vurdering av kva avbøtande tiltak som er realistiske å få gjennomført i kvar enkelt vassførekomst. Den samla økologiske effekten av dei realistiske tiltaka utgjør miljømålet godt økologisk potensial.

Etter § 22 i vassforskrifta er det sektormyndigheitene som skal leggje premissane for tiltak og miljømål. SMVF og miljømål i regulerte vassdrag er utpeikte etter forslag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samråd med NVE og Miljødirektoratet. Det er vassregionmyndigheita som i samarbeid med vassregionutvalet skal bestemme kva vassførekomstar som skal utpeikast som sterkt modifiserte, og som har ansvaret for å utarbeide miljømål for desse vassførekomstane, jf. vassforskrifta §§ 22 andre ledd og 24 første ledd. Vassførekomstar skal avklarast som SMVF før den regionale vassforvaltningsplanen skal godkjennast nasjonalt.

Arbeidet med vassforskrifta stiller store krav til detaljert kunnskap om svært mange vassførekomstar. Kunnskapen om den økologiske tilstanden er mangelfull for dei fleste vassførekomstane. Dei foreslåtte miljømåla er sette ut frå tilgjengeleg kunnskap. Før tiltak kan gjennomførast, må kunnskapen om tilstand og tiltak kompletterast, mellom anna med kost-nytte-vurderingar av tiltak. Dersom tiltak som er nødvendige for å nå måla, viser seg å vere uaktuelle av økonomiske, tekniske eller andre årsaker, skal miljømålet revurderast. Det vil vere behov for å supplere kunnskapsgrunnlaget i kommande planperiodar.

Totalt 196 vassførekomstar er utpeikte som SMVF i denne planperioden. I vedlegg 1 står alle vassførekomstar som er utpeikte som SMVF, oppførte med konkretisering av miljømål. Ingen kystvassførekomstar har fått status som SMVF i denne planperioden.


Sidan den samla økologiske effekten av realistiske tiltak vil variere frå éin sterkt modifisert vassførekomst til ein annan, opererer ein med konkrete miljømål som seier kva som skal til for at den individuelle vassførekomsten skal oppnå godt økologisk potensial. Konkrete miljømål er utarbeidde av Miljødirektoratet. I Vassregion Møre og Romsdal er desse konkrete miljømåla nytta:

Tabell 17 : Konkrete miljømål i ellevassførekomstar i Vassregion Møre og Romsdal

Konkret miljømål	Ellevassførekomstar	Innsjøvassførekomstar	SUM
Fungerande akvaktisk økosystem / dagens tilstand	63	1	64
Hautbar fiskebestand der vedlikehaldstiltak er nødvendige	0	14	14

Haustbar fiskebestand av utvalde, men ikkje alle relevante artar; ikkje avhengig av vedlikehaldstiltak	23	51	74
Levedyktig fiskebestand	7	0	7
Sikre sjølvreproduserande fiskebestand	3	1	4
Sikre tilstrekkelege vandringsforhold for fisk	8	0	8
Ingen konkrete mål er sette (mindre strenge miljømål)	22	0	22
Styrkje fiskebestanden	1	0	1
SUM	128	68	196

Vassførekomstane som er utpeikte som sterkt modifiserte, har òg ei individuell vurdering om kor vidt miljømålet godt økologisk potensial er nådd. I denne planperioden er dei fleste vassførekomstane vurderte til å ha godt potensial per i dag, 22 har tilstand dårleg (mindre stenge miljømål) og 29 er vurdert å ikkje å ha godt økologisk potensial.



Figur 17: Økologisk potensial i Vassregion Møre og Romsdal

Med utgangspunkt i tilgjengeleg kunnskap er det vurdert om vassførekomsten kan oppnå god økologisk tilstand (GØT) med realistiske tiltak. Der dette er vurdert som realistisk, har vassførekomsten blitt vurdert som naturleg (i motsetning til SMVF) og har fått miljømålet GØT. Frist for måloppnåing er sett til 2021 for alle med unntak av naturlege vassdrag som i dag er påverka av *Gyrodactylus*, og som er avhengige av behandling. Her kan det tidlegast oppnåast effekt i 2027 (GØT 2027). Kriterium som har vore viktige for å vurdere ein vassførekomst som naturleg, er mellom anna:

- innsjøar med intakte vassnivå og moderat endra vassgjennomstrøyming
- regulerte innsjøar med reguleringshøgde mindre enn 3 meter eller med ei skånsam regulering, dvs. der vasstanden varierer lite (primært drikkevassuttak)
- elvar med minstevassføring som er tilstrekkeleg til å anta at GØT kan oppnåas
- elvar med mindre grad av forbygging
- elv eller innsjø som har god, haustbar bestand av fisk

108 vassførekomstar som stod som kandidat til SMVF, er vurderte som naturlege.

Vassdrag som ikkje er prioriterte for revisjon, eller der det ikkje finst andre foreslåtte eller planlagde tiltak som kan betre tilstanden betydeleg før 2021, er anbefalte med målsetjing om GØP i 2021 lik dagens tilstand. Det må likevel takast høgde for at ein grundigare tiltaksanalyse for desse vassdraga kan komme fram til realistiske tiltak som danner grunnlag for meir ambisiøse miljømål. Ein slik analyse med påfølgjande fastsetjing av konkrete miljømål utførast i neste planperiode.

Vassregionen føreset at oppdatert kunnskap som kjem fram i karakteriseringsarbeidet fram mot juni 2018 skal leggjast til grunn for ei rullering av miljømåla. Ny kunnskap kan endre status både for prioriterte og ikkje prioriterte vassdrag. For vassdrag som både er prioritert og som allereie har kome langt i revisjonsprosessen så forventar regionen at disse vil bli prioritert på et tidlig tidspunkt.

5.3 Unntaksføresegner

5.3.1 Utsette fristar § 9

I tilfelle der naturforhold, tekniske årsaker og kostnader gjer det for krevjande å gjennomføre forbetringa innan fristen, kan utsetjing vere aktuelt. Tekniske årsaker kan vere forvaltningstekniske, til dømes mangel på saksbehandlingskapasitet, budsjettmessige eller juridiske forhold. Utsetjing er òg aktuelt der det vil ta tid før tiltaket får effekt (til dømes reetablering av fiskebestand), eller dersom ein ikkje har fått avklart miljømål og nødvendige tiltak, til dømes på grunn av manglande kunnskapsgrunnlag.

Fristane i § 9 første og andre ledd kan forlengjast med inntil tolv år for å sikre ei gradvis måloppnåing så sant tilstanden i den aktuelle vassførekomsten ikkje forverrar seg ytterlegare.

54 vassførekomstar har fått utsett frist med å oppnå god økologisk tilstand grunna forureina sjøbotn, 11 på grunn av effektar av gyrobehandling og éin grunna sjødeponering frå gruveverksemd. Desse er lista opp i vedlegg 2.

33 vassførekomstar har utsett frist med å oppnå god kjemisk tilstand. Alle desse har òg utsett frist for økologisk miljømål. Vassførekomstar med utsett frist for kjemisk miljømål er oppførte i vedlegg 4.

18 sterkt modifiserte vassførekomstar har fått utsett frist med å oppnå godt økologisk potensial. Dette gjeld elvevassførekomstar i Surna-, Svorka/Bævra- og Aura/Eira-vassdraga, som er prioriterte for revisjon. Sjølv om revisjonsprosessane er godt i gang, skal revisjonen slutførast og tiltak setjast inn, og det vil ta tid å få effekt. NVE vurderer det derfor ikkje som realistisk å oppnå miljømålet her innan 2021.

På Søre Sunnmøre har tolv kystvassførekomstar fått utsett frist grunna forureining. Sju av desse har i tillegg fått utsett frist med å oppnå god kjemisk tilstand. Fleire av desse treng grundigare vurdering av tiltak, og effekten av tiltaka vil ta tid. Dette gjeld til dømes Botnavika og Haddalsvika i den såkalla grøne korridoren. Grundige miljøundersøkingar viser at miljøtilstanden er moderat til svært dårleg og forverra dei siste åra. Auka næringstilførsel kombinert med mange tersklar og mogleg endra straumforhold kan vere delar av årsaka. Det er foreslått ei rekkje tiltak i området, mellom anna for å redusere næringsstofftilførsel. Likevel blir det vurdert som urealistisk å nå målet om god miljøtilstand innan 2021. Fosnavåg har fått utsett frist av Miljødirektoratet. Sjølv om arbeidet med tiltak er i gang, er det lite sannsynleg at effekten i til dømes botndyr vil vere tilstrekkeleg forbetra i 2021. VRMvil arbeide for at Fosnavåg blir prioritert opp i den nasjonale handlingsplanen, «Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en tryggere fremtid», jf. St.meld. nr.14 (2006–2007).

I Nordre Sunnmøre har 15 vassførekomstar fått utsett frist. 12 av desse har òg utsett frist for standard kjemisk miljømål. I Roald hamn i Giske hadde Kystverket planar om utdjuving. Det vil ikkje vere tenleg å setje i gang tiltak her før mudring startar. Tiltaksplanen er no trekt tilbake, og det er ikkje realistisk at miljømål blir oppnådde i denne planperioden. Indre og ytre Åsefjorden og Aspevågen har fått utsett frist på bakgrunn av kunnskapsmangel. Ytterlegare 12 vassførekomstar har etter innspel frå Fylkesmannen fått utsett frist grunna kunnskapsmangel og fordi det vil ta tid før tiltaka får effekt. Av desse har [...] òg utsett frist med å oppnå god kjemisk tilstand.

I Søre Nordmøre er det behov for utsett frist for 14 kystvassførekomstar grunna forureining. 8 av desse har òg utsett frist for kjemisk miljømål. Utsett frist er mellom anna gitt for Tingvollfjorden ved Raudsand, Tingvollfjorden ved Angvika, Sunndalsfjorden, Sunndalsfjorden ved Sunndalsøra og Kristiansund indre hamn. Det er fordi ein i dag ikkje har tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere om det er behov for opprydding i forureina sjøbotn.

For vassførekomstar med gyroproblematikk er det utsett frist i Driva-regionen fordi det ikkje er forventa at den planlagde gyrobehandlinga vil ha effekt før i neste planperiode.

I Romsdal har kystvassførekomsten Elnesvågen fått utsett frist til 2033 på grunn av sjødeponiet til Omya Hustadmarmor Elnesvågen AS, der inerte massar blir deponerte i sjøen. Undersøkingar viser at miljøtilstanden betrar seg raskt når deponeringa tek slutt, men det er venta å ta 60–100 år før drifta blir avvikla. Det er ikkje venta at god tilstand kan oppnåast i denne planomgangen. Miljømålsetjinga om god tilstand i 2033 må truleg òg endrast i neste planrullering. Førekomsten vil òg kunne bli vurdert som ein sterkt modifisert vassførekomst.

Fire sterkt modifiserte vassførekomstar knytte Aura/Eira-reguleringa har fått utsett frist med å oppnå miljømålet godt økologisk potensial.

I Romsdal har i tillegg 8 kystvassførekomstar fått utsett frist grunna miljøgiftproblematikk, og 6 av desse har i tillegg utsett frist med å oppnå god kjemisk tilstand.

I nordre Nordmøre er fire kystvassførekomstar gitt utsett frist grunna forureining. 14 sterkt modifiserte elvevassførekomstar knytte til Svorka/Bævra- og Surna-reguleringa har fått utsett frist med å oppnå godt økologisk potensial.

Tabell 18: Utsette fristar i Vassregion Møre og Romsdal

	GØT/GØP – utsett frist	God kjemisk tilstand – utsett frist
Naturleg vassførekomst – miljøgift / forureina sjøbotn	53	33
Naturleg vassførekomst – gyrobehandling	11	-
Naturleg vassførekomst – sjødeponi	1*	-
SMVF – elvevassførekomstar	18	-
SUM	83	33

*Forventar ikkje god tilstand innan 2033.

Grunnvatn:

Grunnvassførekomsten 103-9-G har fått utsett frist med å oppnå god kjemisk tilstand i Romsdal vassområde. Vassførekomsten er påverka av gruver, avfalls plass og anna diffus avrenning. Vassførekomsten får utsett frist grunna kunnskapsmangel.

5.3.2 Mindre strenge miljømål § 10

Mindre strenge miljømål kan vere aktuelt der vassførekomsten er så påverka at det er umogleg eller urimeleg kostnadskrevjande å nå miljømåla. Vidare skal det vurderast om dei miljømessige eller samfunnsmessige behova som påverknaden (verksemda) tener, kan oppfyllest på andre måtar som er gunstigare for miljøet. Vilråa for å setje mindre strenge miljømål er at

- dei miljømessige og samfunnsøkonomiske behova som denne menneskelege verksemda tener, ikkje utan urimelege kostnader kan oppfyllest på andre måtar som er vesentleg gunstigare for miljøet
- overflatevatn og grunnvatn er sikra ein høgast mogleg tilstand gitt dei store påverknadene som er til stades
- tilstanden i den aktuelle vassførekomsten ikkje forverrar seg ytterlegare

I Vassregion Møre og Romsdal er det foreslått mindre strenge miljømål for totalt 22 vassførekomstar. Grunnlaget for dette er nasjonale føringar gitt i brev av 24.1.2014 av KLD og OED. I vassførekomstar der det er vurdert som svært urealistisk å oppnå eit fungerande økosystem, til dømes i vassdrag som er tørrlagde, bør mindre strenge miljømål nyttast. Alle dei 22 vassførekomstane er knytte til regulerte vassdrag og er i stor grad tørrlagde. Tabell over vassførekomstar finn ein i vedlegg 3.

5.3.3 Mellombelse endringar § 11

Nokre gonger kan tilstanden i vassførekomstane bli mellombels forverra på grunn av naturlege tilhøve eller mellombelse endringar som ikkje med rimelegheit kunne føresjåast. I desse tilfella skal praktisk gjennomførbare tiltak treffast for å hindre ytterlegare forverring av tilstanden og for å unngå forverring av tilstanden i andre vassførekomstar som ikkje er påverka av desse tilhøva.

5.3.4 Ny aktivitet eller nye inngrep § 12


Det skal ikkje utførast nye inngrep eller aktivitetar som forverrar miljøtilstanden i ein vassførekomst. Dei kan likevel tillatast dersom gitte kriterium er oppfylte:

- Det er ein føresetnad at alle praktisk gjennomførbare tiltak blir sette inn for å avgrense ei negativ utvikling i tilstanden til vassførekomsten.
- Samfunnsnyttan av dei nye inngrepa eller aktivitetane skal vere større enn tapet av miljøkvalitet.
- Formålet med dei nye inngrepa eller aktivitetane kan ikkje på rimeleg vis oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet, fordi dei sistnemnde medfører utimeleg store kostnader eller ikkje er teknisk gjennomførbare.


5.4 Tiltaksprogram

Tiltaksprogrammet er eit vedlegg til forvaltningsplanen og er basert på tiltaksanalysar som er utarbeidde i dei fem vassområda. Tiltaksanalysane er utarbeidde med bakgrunn i dokumentet «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål», som beskriv påverknadene og utfordringane i vassregionen. Tiltaksprogrammet er ei samanstilling av tiltaksanalysane og omfattar både pågåande og planlagde tiltak og forslag til ytterlegare tiltak som må til for å nå miljømåla i forvaltningsplanen. Sektormyndigheiter, fylkeskommunar og kommunar har utgreidd forslag til tiltak innanfor sine ansvarsområde og utgreidd premissar for fastsetjing av miljømål. Det er lagt ned mykje arbeid i vassområda for å få til ein god, reell og kvalitetssikra tiltaksanalyse, og analysen er eit resultat av samarbeid og innspel frå myndigheiter, kommunar, bedrifter og andre. Framgangsmåtar, tiltak og prioriteringar er vedtekne av vassområdeutvala.

Det er foreslått totalt 468 konkrete tiltak i vassregionen. Tiltaka som er beskrivne i tiltaksprogrammet, skal vere operative seinast 3 år etter at tiltaksprogrammet er vedteke, og miljømåla for vassførekomsten skal vere oppnådde innan 6 år etter at forvaltningsplanen trer i kraft, jamfør § 8 i vassforskrifta.



Figur 18: Tiltak fordelt på tiltakstype



Figur 19: Tiltak fordelt på påverknad

*Berre generelle tiltak

Tiltaksprogrammet inneheld òg ei oppstilling av generelle tiltak som ikkje er retta mot konkrete vassførekomstar, og som kan få effekt i fleire vassførekomstar, til dømes interkommunalt samarbeid om spreidd avløp. Gjennom oppfølging av desse vil ein kunne bidra til ei forbetring av vassmiljøet generelt i regionen.

Tabell 19: Generelle tiltak i Vassregion Møre og Romsdal

Påverknad	Tiltak	Effekt
Avløp, kommunalt	- interkommunalt samarbeid - avløp med fokus på resipient i temaplan og arealplan - utarbeide lokale forskrifter - etablere nettverksgruppe for spreidd avløp for kommunane i vassområdet - felles tilsynsordning for avløpsanlegg i vassområdet - kompetanseheving for saksbehandlarar og entreprenørar om spreidd avløp - utarbeide norm for krav til avløpsanlegg i reguleringsplanar for både bustader og fritidsbustader - utbetre tappeanlegg for bubilar/campingvogner - databaseverktøy/arkiv over spreidde avlaup	Redusert avrenning av næringsstoff til vassdrag og sjø
Avløp, Fylkesmannen	- følgje opp alle anlegg som kjem inn under kap. 14 i forureiningsforskrifta, oppdatere løyve for alle aktuelle reinseanlegg og føre tilsyn med desse	
Landbruk	- kommunal forskrift om frist for spreiding av gjødsel - ta omsyn til vassmiljø i miljøplan/gjødselplanlegging - informasjon, rettleiing og kompetanseheving med omsyn til handtering av gjødsel og silo - kommunalt tilsyn med oppfølging og vedtak - rette tilskotsordningar i landbruket inn mot vassmiljø - utarbeide og følgje tiltaksplanar for landbruk og vassmiljø	Redusert tilførsel av næringssalt til vassdrag
Forsøpling	- informasjon, rettleiing og kompetansebygging, informasjon/kampanjar om det viktige i å hindre marin forsøpling, medverke til strandrydding - redusere omfanget av ulovleg avfallshandtering som lagring, dumping og brenning - rydde utvalde verneområde for marint søppel - føre tilsyn med verksemder som bidreg til marin forsøpling - sørgje for forsvarleg oppbevaring av avfall	Reduksjon i marint søppel
Skips- og småbåthamner	- tilsyn med avfallshandtering - informasjon, rettleiing og kompetansebygging, informasjon/kampanjar om det viktige i å gjennomføre båtpuss med minst mogleg utslepp til grunn og vatn - krav om oppsamlingsrutinar for avfall frå båtpuss i eksisterande og nye hamner	Reduksjon i miljøgifter
Veg	- høve til å endre saltstrategi for sårbare område i samanheng med rullering av driftskontraktar - vurdere å opprette sandfang på strekningar som går forbi sårbare resipientar - behandle vaskevatn - vurdere å stille miljøkrav til utstyr og køyring i samband med drift og vedlikehald	Redusert vegavrenning
Søppelfyllingar	- tilsyn og konsesjonsbehandling	Reduksjon i miljøgifter

Akvakultur, Fylkesmannen	- bidra til regionale overvakingsprogram som omfattar fleire anlegg/aktørar i spesifikke vassførekomstar med høg tettleik eller spesielle utfordringar; i samarbeid med andre sektormyndigheiter på akvakultur - flytande akvakulturanlegg: etter vurdering av anlegg og resipient stille krav om resipientundersøkingar, mellom anna MOM-C, til nye/utvida anlegg; etter vurdering av anlegg og resipient stille krav om resipientundersøkingar, mellom anna MOM-C, til eksisterande anlegg; må gjerast i samarbeid med andre sektormyndigheiter på akvakultur - flytande akvakulturanlegg: følgje opp anlegg med resipientundersøkingar, ved dårleg miljøtilstand vurdere tiltak; må gjerast i samarbeid med andre sektormyndigheiter på akvakultur	Auka kunnskap om påverknad og tilstand
Utslepp frå anna punktkjelde	- forslag til regulering av utslepp frå cruisetrafikken i verdsarvfjorden Geiranger	
Industri	- tilsyn og konsesjonsbehandling - stille krav til arbeid som gjeld forureina sjøbotn - stille krav om utfasing/reduksjon av prioriterte miljøgifter (substitusjonsplikt) - stille krav til arbeid som gjeld forureina sjøbotn, mellom anna til kartlegging, risikovurdering og miljømessig utføring	
Akutt forureining	- risikovurdering av akutt forureining	

Grunnvatn: Det er ikkje gitt løyve til direkte utslepp til grunnvatn, verken i regionen eller nasjonalt.

Kunnskap om vassførekomstane, både når det gjeld påverknader og miljøtilstand, dannar grunnlaget for arbeidet etter vassforskrifta. Dette grunnlaget er i dag mangelfullt, noko som gjer at mange av tiltaka har preg av miljøundersøking og innhenting av kunnskap (problemkartlegging) eller krev undersøkingar før planlagde tiltak kan setjast i verk. Det er såleis få konkrete og ferdig utarbeidde tiltak i programmet og lite grunnlag for kostnadsberekningar og kost-nytte-analyse.

Kost-nytte-analyse skal utførast av ansvarleg sektormyndigheit før eit tiltak blir sett i verk. Viss ei grundigare kost-nytte-vurdering av eit tiltak viser at miljømålet ikkje er realistisk, gir det grunnlag for å fråvike planen og vurdere andre tiltak og miljømål.

Forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet skal leggjast til grunn for verksemda i regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd. Tiltaksprogrammet gir likevel ikkje juridiske heimlar til å gjennomføre tiltak. Dei aktuelle myndigheitene gjer vedtak ut frå sine respektive regelverk, der tiltaksprogrammet er retningsgivande. Sektorane har allereie eit stort ansvar for å vareta ytre miljø og har ei rekkje verkemiddel for å følgje opp dette. Dersom resultatet av overvaking viser at miljømål ikkje kan nåast, skal årsaka klarleggjast og nye tiltak vurderast.

Dei fleste tiltaka kan gjennomførast med gjeldande verkemiddel, men i nokre tilfelle, spesielt i dei sterkt belasta vassførekomstane, er ikkje dette tilstrekkeleg. Tiltaksprogrammet klargjer derfor behov for ytterlegare satsing på verkemiddel, både juridiske og økonomiske.

79 tiltak har overslag på investeringskostnad, og 138 tiltak har fått ei vurdering av kostnadseffektivitet. Tala er usikre. Det er få tiltak som har kostnadsoverlag, og grunnlaget for å samanlikne sektorar er dårleg. «Energi – vasskraft» har til dømes ingen berekningar over kostnadar knytt til krafttap ved minstevassføring, magasinrestriksjonar eller biotoptiltak. Kostandane har vil være betydelege Totalsummen av dei kostnadsberekna tiltaka er på kr 152 711 850. Av tiltaka som har fått ei vurdering av kostnadseffektivitet, er 45 vurderte til å ha stor kostnadseffektivitet, 66 middels og 27 låg.

Tabell 20: Tiltak med kostnadsoverlag fordelt på påverknadsdrivar

Påverknad	Kostnadsberekna tiltak i alt	Sum kr
Flaumvern	6	1 230 000
Industri	24	22 600 000
Landbruk	9	4 540 000
Transport	20	3 881 850
Turisme og rekreasjon	3	1 190 000
Urban utvikling	14	119 030 000
Andre	1	240 000
SUM KR	79	152 711 850

Tabell 21: Tiltak med vurdering av kostnadseffektivitet

Påverknad	Låg	Middels	Stor	Sum tiltak
Energi – vasskraft		7	3	10
Flaumvern		5	3	8
Industri	20	19	9	48
Landbruk	3	12	4	19
Transport	1	4	2	7
Turisme og rekreasjon		2	2	4
Urban utvikling	3	16	8	27

Kamp mot Gyrodactylus s.		1	13	14
Fisketiltak/Tersklar			1	1
SUM	27	66	45	138

Med bakgrunn i manglande kunnskapsgrunnlag og ressursar vedtok vassområdeutvala at ein skulle prioritere vassførekomstar ein ser på som viktige, og der ein har kunnskap og engasjement. Ein skulle òg fokusere på utvalde tema som ein såg på som ekstra utfordrande for vassområdet. Ei slik prioritering var sett på som naudsynt for å komme i mål med ein god tiltaksanalyse trass i manglande ressursar og stramme tidsfristar. Alle innspel er tekne med i tiltaksanalysane, og nokre tiltak har fått høg prioritet i vassområdet. Sjå kapittel 3.7 i forvaltningsplanen.

5.5 Overvaking

Målet om ei heilskapleg og samordna vassforvaltning rykkjer eit skritt nærmare når ein samla plan for overvaking av vatn no ligg føre. Overvakingsprogrammet og tiltaksanalysane som vassområda har utarbeidd, skal vere samkøyrde, og innspel i samband med høyring av forvaltningsplanen vil gi nødvendige korreksjonar til overvakingsprogrammet.

Programmet er utarbeidd av Fylkesmannen, som presiserer at alle relevante myndigheiter må sjå på overvakingsprogrammet som ei felleseige, og at gjennomføringa av programmet er eit felles ansvar. Finansiering skal sikrast gjennom spleiselag og/eller prinsippet om at påverkar betaler.

Formålet med overvaking er å avklare miljøtilstanden, finne årsaka til og/eller omfanget av eit miljøproblem, følgje utviklinga over tid eller avklare korleis iverksette tiltak verkar på vassmiljøet. Formålet med overvakingsprogrammet er å få ei samla oversikt over all overvaking som er under utføring eller planlegging, og som det er ønske om å gjennomføre, slik at myndigheitene har best mogleg utgangspunkt for ei heilskapleg tilnærming til forvaltning av vassmiljøet. Programmet vil vere retningsgivande i planperioden i tilfelle der ny kunnskap kan medføre omprioriteringar.

Når det gjeld utarbeidinga av overvakingsprogrammet, kontakta Fylkesmannen tidleg alle kommunar og relevante statlege sektormyndigheiter som forvaltar verdiar knytte til vatn for å få oversikt over pågåande, planlagd og ønskt overvaking fram til 2021. Det kom innspel frå 14 kommunar og 5 andre statlege sektormyndigheiter. Innspela varierer i omfang, innhald og presisjonsnivå. Overvakingsprogrammet vil i nokon grad spegle variasjonane i innspela, og samtidig har Fylkesmannen som miljøfagleg rådgivar sikra ein nødvendig balanse i programmet. Alle innspel er tekne med i forslag til program.

Malen for overvakingsprogrammet legg opp til eit høgt presisjonsnivå i kvar undersøking av vassførekomsten. Fylkesmannen vil presisere at det blei funne nødvendig å standardisere ein del av detaljane knytte til frekvens, omdrev og tal på stasjonar, då dette vil vere avhengig av stadeigne forhold. Detaljplanlegging før overvakinga blir sett i verk, vil avklare desse spørsmåla. Kostnadene er anslått ut frå erfaringsverdiar og grovgrupperte etter omfanget av overvakinga.

Når det gjeld ulike typar overvaking, er basisovervakinga planlagd av Miljødirektoratet, medan tiltaksorientert overvaking og problemkartlegging er planlagt regionalt med bakgrunn i innspel frå relevante sektormyndigheiter. Oversikt over myndigheitspålagd overvaking er ei samanstilling av innkomne opplysningar frå dei relevante sektormyndigheitene.

5.6 Omforente miljømål i planperioden

Miljømål etter vassforskrifta:

Alt vatn skal i utgangspunktet nå minst god økologisk og god kjemisk tilstand innan 2021. Dei fleste vassførekomstane i Vassregion Møre og Romsdal er eller er truleg i god økologisk tilstand. Her blir oppgåva å hindre ei forverring av tilstanden. Der vassførekomstane er i fare

Overvakingsprosjekt i Tingvoll

For å oppnå nettopp eit betre kunnskapsgrunnlag har Tingvoll kommune og Tingvoll vidaregåande skule inngått eit spennande samarbeidsprosjekt for skuleåret 2013/2014. Prosjektet inneber planlegging, prøvetaking og kartlegging av Storelva på Meisingset. Realfagselevane i VG3 Biologi og kjemi på TVS har vore ute og teke prøver og utforska elva. Kartlegginga gjeld både fysiske, kjemiske, biologiske og økologiske parametar. I dette konkrete prosjektet bidreg undervisninga til noko utover det å lære. Elevane bidreg til verdifull heving av kunnskapsnivået i kommunen og i vassforvaltningsarbeidet.



for ikkje å nå miljømåla, blir GØT i 2021 sett som mål med bakgrunn i tiltaksanalyse og tiltaksprogram. 1529 vassførekomstar har fått standard miljømål om god eller svært god økologisk tilstand i denne planperioden. 1757 vassførekomstar skal oppnå god kjemisk tilstand.

Tabell 22: Standard miljømål for overflatevatn i Vassregion Møre og Romsdal i planperioden 2016–2021

Miljømål	Tal vassførekomstar	Prosent
Standard miljømål: god eller svært god tilstand innan 2021	1529	85,4
Standard miljømål: god kjemisk tilstand innan 2021	1757	98,1

Utfordringar med omsyn til miljømål:

- Miljøtilstanden er i fleire vassførekomstar vurdert etter skjønn. Fleire vassførekomstar er ikkje tilstrekkeleg kartlagde til at tilstand og miljømål kan fastsetjast basert på data. Her må det setjast av større ressursar til neste planperiode for å verifisere at både miljømål og tilstand er realistisk.

Tabell 23: Standard miljømål for grunnvassførekomstar

Miljømål	Frist 2021	Prosent
God kvantitativ tilstand	116	100
God kjemisk tilstand	115	99,1

Strengare miljømål

Fire vassførekomstar i Vassregion Møre og Romsdal har fått strengare miljømål enn vassforskrifta. Det er Geirangerfjorden, med 3 elvevassførekomstar. Dette er ein verdsarvfjor, som dermed også er internasjonalt viktig.

Unntaksføresegner

Sterk modifiserte vassførekomstar (SMVF):

Målet for SMVF er å oppnå GØP innan 2021. Sterkt modifiserte vassførekomstar får ny gjennomgang ved rullering av planen kvart sjette år. Totalt 196 vassførekomstar har fått status SMVF i vassregionen med konkrete miljømål.

Utfordring med omsyn til SMVF:

- Kunnskapsgrunnlaget er for lite, og SMVF med konkrete miljømål er grovt utpeikte. Dei må derfor vurderast nærmare i planperioden.

- Vassførekomstar skal utpeikast som SMVF med tilhøyrande miljømål på bakgrunn av ein SMVF-rettleiar. Denne rettleiaren blei send ut for seint i prosessen til å kunne nyttast i arbeidet i denne planperioden.

Utsette fristar med å nå god tilstand / godt potensial

I Vassregion Møre og Romsdal er et gitt utsett frist med å oppnå god økologisk tilstand for 65 naturlege vassførekomstar og 18 sterkt modifiserte vassførekomstar. Det er i tillegg gitt utsett frist med å oppnå god kjemisk tilstand for 33 vassførekomstar. Fristen er utsett til 2027 for alle vassførekomstane med unntak av Elnesvågen, som har utsett frist til 2033.

Éin grunnvassførekomst har fått utsett frist med å oppnå god kjemisk tilstand grunna kunnskapsmangel.

Mindre strenge miljømål

22 vassførekomstar har fått mindre strenge miljømål. Dette er vassførekomstar knytte til regulerte vassdrag med lita eller inga vassføring der det er lite realistisk å oppnå eit fungerande økosystem.

Kva tid når vi miljømåla?

Tabell 22: Oversikt over miljømål for Vassregion Møre og Romsdal

Miljømål	2021	Utsett frist 2027	Utsett frist 2033
Minst god økologisk tilstand	1529	64	1
God kjemisk tilstand	1757	33	-
SMVF: godt økologisk potensial	156	18	-
SMVF: mindre strenge miljømål	22	-	-
Grunnvatn: god kvantitativ tilstand	116	-	-
Grunnvatn: god kjemisk tilstand	115	1	-

I utgangspunktet skal miljømåla nåast innan fristane som er sette i §§ 4 til 6 i vassforskrifta. Forvaltningsplanen legg opp til at dei fleste vassførekomstane skal nå målet om god miljøtilstand eller godt potensial innan 2021. Her er det likevel ein del uvisse. Rettleiingar og avklaringar frå sentrale myndigheiter har vore uklare og seine. Sterkt modifiserte vassførekomstar med miljømål er i fleire tilfelle ikkje utpeikte på tilfredsstillande grunnlag. Fleire vassførekomstar er truleg i god miljøtilstand, men datagrunnlaget for miljøtilstanden er mangelfull. Samtidig har mange vassførekomstar som er i risiko, ikkje fått vurdert tiltak. Ei utfordring blir å planleggje korleis ein skal nå miljømål i desse.

Miljøgiftproblematikken er reell i regionen, og spesielt Sunnmøre og Søre Nordmøre har større utfordringar. Det er 54 vassførekomstar som har fått utsett miljømål på bakgrunn av miljøgiftproblematikken. Skal ein oppnå miljøforbetring i desse vassførekomstane, må ein betydeleg innsats gjerast i form av utgreiingar, kartlegging og tiltak. Måloppnåinga her er avhengig av at nasjonale myndigheiter tek del i arbeidet og bidreg både med kapital og kunnskap.

6 Referanseliste og vedlegg til planen


- FOR-2006-12-15-1446 Forskrift om rammer for vannforvaltningen
- Regionalt overvakingsprogram
- Regionalt tiltaksprogram
- Vedlegg 1: Liste over sterkt modifiserte vassførekomstar i Vassregion Møre og Romsdal
- Vedlegg 2: Liste over vassførekomstar med utsett frist
- Vedlegg 3: Liste over vassførekomstar med mindre strenge miljømål i Vassregion Møre og Romsdal
- Vedlegg 4: Liste over vassførekomstar med utsett frist – kjemisk miljømål
- Vedlegg 5: Verneområde i Vassregion Møre og Romsdal

7 Appendix


Risikovurdering for Nordre Nordmøre:

	Tilstand	Tal	Prosent
	Ingen risiko	289	75,3
	Mogleg risiko	0	0
	Udefinert	3	0,8
	Risiko	92	24


Innsjøvannforekomster - antall med risiko for dårligere enn god tilstand 2021




Ellevannforekomster - antall med risiko for dårligere enn god tilstand 2021



Kystvannforekomster - antall med risiko for dårligere enn god tilstand 2021






Figur 4-9: Vassførekomstar i fare fordelt på innsjøvassførekomstar, ellevassførekomstar og kystvassførekomstar.




Figur 4–10. Risikovurdering av vassførekomstar i Nordre Nordmøre

Risikovurdering for Søre Nordmøre:

	Tilstand	Tal	Prosent
	Ingen risiko	206	69,6
	Mogleg risiko	0	0
	Udefinert	6	2
	Risiko	84	28,4



Vassforekomstar i fare fordelt på innsjøvassforekomstar, ellevassforekomstar og kystvassforekomstar.




Figur 4–12. Risikovurdering av vassforekomstar i Søre Nordmøre


Risikovurdering for Romsdal:

	Tilstand	Tal	Prosent
	Ingen risiko	326	70,3
	Mogleg risiko	0	0
	Udefinert	7	1,5
	Risiko	131	28,2


Innsjøvannforekomster - antall med risiko for dårligere enn god tilstand 2021




Ellevannforekomster - antall med risiko for dårligere enn god tilstand 2021



Kystvannforekomster - antall med risiko for dårligere enn god tilstand 2021



Vassforekomstar i fare fordelt på innsjøvassforekomstar, ellevassforekomstar og kystvassforekomstar.




Figur 4-13: Risikovurdering av vassførekomstar i Romsdal

Risikovurdering for Nordre Sunnmøre:


Tabell: Tal og tilstand for vassførekomstar

	Tilstand	Tal	Prosent
	Ingen risiko	183	66,3
	Mogleg risiko	0	0
	Udefinert	4	1,4
	Risiko	89	32,2


Innsjøvannførekomster - antall med risiko for dårligere enn god tilstand 2021




Ellevannførekomster - antall med risiko for dårligere enn god tilstand 2021



Kystvannførekomster - antall med risiko for dårligere enn god tilstand 2021




Vassførekomstar i fare fordelt på innsjøvassførekomstar, ellevassførekomstar og kystvassførekomstar.





Figur 4-16. Risikovurdering av vassførekomstar i Nordre Sunnmøre

Risikovurdering for Søre Sunnmøre:


	Tilstand	Tal	Prosent
	Ingen risiko	234	63,1
	Mogleg risiko	0	0
	Udefinert	7	1,9
	Risiko	130	35



Elvevannforekomster - antall med risiko for dårligere enn god tilstand 2021



Vassforekomstar i fare fordelt på innsjøvassforekomstar, elvevassforekomstar og kystvassforekomstar.



Risikovurdering av vassførekomst i Søre Sunnmøre